

*Arealdelen til  
kommuneplanen,*

*2014-2024*

Godkjent plan

Konsekvensvurdering

11.09.2014

## INNHALDSLISTE

Innleiing.....	4
Gradering av funna.....	5
Vurderingar m.o.t. naturmangfaldloven.....	5
<b>Nye byggeområde i kommuneplanen</b>	
<i>1. Bustader (B)</i> .....	8
Aurdal B1-B3, Fagernes B4-B8, B12, Leira B9 og Skrautvål B10, B11	
Samla verknadar, bustadområde.....	31
<i>2. Område for fritidsbustader (H)</i> .....	32
H1-H34	
Samla verknadar, område for fritidsbustadar.....	89
<i>3. Fritids-/turistføremål (Ft)</i> .....	91
Ft1 – Gomobu	
Ft2 – Aurdal fjordcamping og hytter	
Samla verknadar, område for fritids-/turistføremål.....	95
<i>4. Råstoffutvinning (R)</i> .....	96
R1 – Astridmyré, Åbjør sameige og utmarkslag	
R2 – Jøtulstølan, Månosåsen	
R3 – Etnsenn aust, Skrautvål sameige	
R4 – Grytestølen, Skrautvål heimås	
R5 – Skardstølen, Skrautvål sameige	
R6 – Nisa, Skrautvål sameige	
R7 – Raukøllhallvegen, Ranheimsåsen	
R8 – Skrinda, Steinsetbygda	
Samla verknadar, område for råstoffutvinning.....	112
<i>5. Næringsbygg (E)</i> .....	113
E1 – Leira, vest for skulen	
E2 – Leira, nord for skulen	
E3 – Bløytjednsagé, Tisleidalen	
E4 – Breiset, Fagernes	
E5 – Gausåk, Lo	
E6 – Breiset, Fagernes	
Samla verknadar, næringsområde.....	126
<i>6. Idrettsanlegg (I)</i> .....	128
I1 - Pøllaøyé, modellflybane	
I2 – Blåbærmyré, trengingsfelt fotball	
I3 – Snippen, alpin	
I4 – Bråten, alpin	
I5 – Leira, storhall	
Samla verknadar, område for idrettsanlegg.....	136
<i>7. Andre typar anlegg (A)</i> .....	137
Afn2-4 – Naust, Skrautvål sameige	

An2 – Naust, Ulnes sameige	
Ab1 – Bioenergianlegg, Aurdal	
Samla verknadar, område for andre typar anlegg.....	142
8. Grav- og urnelunder (Gu) .....	143
Gu1 - Aurdal	
Gu2 - Ulnes	
Samla verknadar, område for grav- og urnelunder.....	148
9. Kombinert område.....	149
10. LNF, spreidd utbygging av naust.....	151
Samla risikovurdering av forslag til ny arealbruk.....	153

## **Innleiing**

I ei konsekvensvurdering brukar ein tilgjengelege data og erfaring for å kartlegga mulege konsekvensar av identifiserte hendingar. Konsekvens vert oftast rekna som økonomiske og materielle tap, og i ytste konsekvens som skade på menneske. Risiko i arealplanlegging vert oftast definert som ein kombinasjon av konsekvens og sannsyn.

*Følgjande føresetnader er lagt til grunn for risiko- og sårbarheitsanalysen:*

Analysen er overordna.

Vurderinga er avgrensa til det aktuelle planområdet/analyseobjektet.

Vurderinga klargjer ikkje uavhengige, samanfallande hendingar.

Vurderinga omfattar ikkje tilsikta hendingar (sabotasje, hærverk o.l.)

Kommunen gjorde eit stort sorteringarbeid blant dei 200-300 innspela til planarbeidet før ein begynte på konsekvensvurderinga, då ein ikkje såg seg tent med å konsekvensvurdera innspel som var i strid med retningslinene til kommunen sjølv for planarbeidet. Dette har medført at det ikkje er mange av innspela som er konsekvensutgreidd som seinare er tekne ut.

Alle innspel om bustadfelt på dyrka mark er i all hovudsak avvist, likedan bustadfelt som er føreslått i område med framtrekande natur-, friluft-, samfunns- og miljøinteresser eller i område der det kan vera utfordringar knytt til risiko for ras, andre terrengtilpassingar m.m., jf. grunnlagsdokument 3.

Andre innspel som er avvist har blitt avvist etter framtrekande natur-, friluft-, samfunns- og miljøinteresser eller i område der det kan vera utfordringar knytt til risiko for ras, andre terrengtilpassingar m.m.

Planprosessen har endt med at ein føreslår å gradera byggeforbodssona langs vassdrag, og at det ikkje lenger skal vera eit generelt byggeforbud i heile 100 metersbeltet langs vassdrag i kommunen.

*Vurderingane og konklusjonane i konsekvensvurderinga er basert på innspel frå grunneigarane og tilgjengelege data og føringar følgjande plassar:*

<http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>

<http://www.skrednett.no>

<http://www.ngu.no/kart/arealis/>

<http://askeladden.ra.no/sok/>

<http://artskart.artsdatabanken.no/>

<http://oppland.miljostatus.no/>

Avløpsplan for Tisleidalen

Energi- og klimaplan for Valdres og Hallingdal

Gjeldande arealplanar

Kommunal planstrategi 2010-2012

Markslagskart over Nord-Aurdal

Risiko- og sårbarheitsanalyse for Nord-Aurdal kommune, mars 2009

Samfunnsdelen til kommuneplanen 2011-2023

Tettstadsanalyse for Aurdal

Tettstadsanalyse for Fagernes

Trafikksikringsplan for Nord-Aurdal 2013-2016

Vurderingane og konklusjonane er trekt med bakgrunn i data henta dei ulike stadane nemnt over og opplysningar frå grunneigarane/forslagsstillarane.

### **Gradering av funna**

-1 til +1, frå sannsynlegvis negative ringverknader/konsekvensar med endra arealbruk til sannsynlegvis positive ringverknader/konsekvensar med endra arealbruk. Dersom ny arealbruk ikkje er vurdert til å få særlege konsekvensar er det sett til 0. Ikkje alle tema er vurdert til å vera relevante for alle områda.

### Aktsomheitskart for snøskred og steinsprang (<http://www.skrednett.no>)

Karta viser område der ein må vera forsiktig i høve til utbygging p.g.a. mulegheit for snøskred eller steinsprang. Karta er utarbeidd ved bruk av ein datamodell som utifrå helling på fjellsida og geologisk informasjon kjenner att terreng der utløyising av snøskred og steinsprang er muleg. Karta er først og fremst meint som eit grunnlag for vurdering av rasfare og fastsetting av omsynssoner i område med potensiell rasfare i arealdelen til kommuneplanen. Karta seier ingenting om kor sannsynleg det er at det går ras. Det er ikkje gjort feltarbeid ved utarbeiding av karta.

### *Utløysingsområde*

Terreng der snøskred og/eller steinsprang kan blir utløyst. Det kan gå snøskred/steinsprang i mindre skråningar som ikkje går fram av kartet.

### *Utløpsområde*

Kartet viser terreng nedanfor utløysingsområdet til snøskred og/eller steinsprang som kan bli nådd av snøskred og/eller steinsprang. Skred som går svært sjeldan kan nå utanfor utløpsområdet som er vist på kartet.

### Alunskifer (<http://www.ngu.no/kart/arealis/>)

Alunskifer kan skapa bygningstekniske og geotekniske problem på tre måtar. Alunskifer kan svella og medføra bygningsskadar, han kan gje opphav til surt vatn som går til åtak på betong og stålkonstruksjonar og han kan avgje radongass som kan vera kreftframkallande.

### **Vurderingar m.o.t. naturmangfaldloven**

Det er eit mål at planar og avgjerder som blir tekne i kommunen skal ta tilstrekkeleg omsyn til naturmangfaldet. Den klart største trusselen mot naturmangfaldet er endra arealbruk, t.d. utbygging og inngrep i naturområde. Andre stader er det gjengroing som er problemet. I tillegg kjem forureining, klimaendringar og innføring av framande arter.

### *Utvalte naturtypar i kommunen*

Det er 5 utvalte naturtypar etter §52 i naturmangfaldloven, og ein av desse naturtypane finn ein førekomstar av i kommunen, slåttemark. Slåttemark har fått status som utvalt naturtype fordi naturtypen er trua. Det er 14 registrerte slåttemarker i kommunen der 2 er vurdert til å vera svært viktige (A-område) Midtre Fodnes (naturbaseID 00022435) og Øvre Binnhøvd (naturbaseID 00022436), 7 viktige (B-område) og dei siste 5 til å vera lokalt viktig (C-område). Det skal takast omsyn til område med slåttemark ved alle tiltak. Ein har ikkje funne at nokon av dei nye byggeområda i kommuneplanen kjem i konflikt med førekomstane av slåttemark i kommunen.

### *Andre verdifulle naturtypar*

Det er registrert 4 elvekløfter i kommunen, men ingen av dei nye byggeområda er i konflikt med desse.

### *Om prioriterte artar i kommunen*

I Oppland er det registrert tre av åtte prioriterte artar i Norge, og i Nord-Aurdal igjen berre ein av desse. Prioriterte artar er artar som har fått ekstra vern gjennom egne forskrifter. Dragehovud (plante) er registrert i kommunen og oppført som sårbar på den norske raudlista frå 2010. Forskrift for arten forbyr ei kvar form for uttak, skade eller øydelegging av arten. Ein har ikkje funne at nokon av dei nye byggeområda i kommuneplanen kjem i konflikt med førekomstane av dragehovud i kommunen.

### *§§ 7-12 i naturmangfaldloven*

I §7 i naturmangfaldloven går det fram at prinsippa i §§ 8 til 12 skal leggest til grunn som retningslinjer i alle offentlege avgjerder som gjeld naturmangfaldet. Vurderingane skal gå fram av vedtaket.

I § 8 vert det stilt krav til kunnskapsgrunnlaget, og tilgjengeleg kunnskap må brukast ved vurdering av tiltak. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i eit rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Det skal leggest vekt på erfaringane til tidlegare generasjonar. All tilgjengeleg informasjon på nettstadar og i planar lista opp over er lagt til grunn for vurderingane som er gjort vedr. innspel til planarbeidet. Fleire søknader om ervervsområde, bustadområde osb. er avvist med bakgrunn i kjent kunnskap.

Føre-var-prinsippet er nedfelt i § 9. Er kunnskapen ikkje tilstrekkeleg, skal tvilen koma naturen til gode dersom risikoen for skade vert vurdert til stor eller ein er usikker på kva konsekvensar tiltaket kan føra til. Dei fleste innspela om nye hytteområde ved Kruk er avvist som følgje av dette.

I § 10 blir det stilt krav om å vurdera den samla belastningen på eit økosystem. Eit tiltak må ikkje berre vurderast isolert, men sjåast i samheng med andre belastningar i same område. Tiltakshavar skal dekkja kostnader med å hindra eller avgrensa skade på naturmangfaldet som eit tiltak medfører, jf. § 11. Dette tilsvarar prinsippet om at "forureinar betalar". For å unngå eller avgrensa skadar på naturmangfaldet skal avbøtande tiltak, driftsmetodar, teknikk og lokalisering for best muleg å ta omsyn til naturmangfaldet vurderast, jf. § 12.

### *Naturmangfaldlova og dei nye byggeområda i kommuneplanen*

I nokre tilfelle vil bruk ikkje kunne kombinerast med å ta vare på naturverdiane. Gjennom konsekvensvurderinga har ein gått gjennom og vurdert kjent kunnskap for dei nye byggeområde. Ein har ikkje registrert forhold ved dei enkelte områda som ein meiner gjer at dei ikkje kan leggest ut til byggeområde vurdert utifrå naturmangfaldloven. Slike område er alt sortert ut, og der det ligg område innanfor byggeområdet som bør takast vare på, går dette fram av konsekvensvurderinga og må takast omsyn til ved detaljplanlegginga

### *Vurdering av kvaliteten på informasjonen i relevante databasar*

Ein del av viltregistreringar i naturbasen kan vera vidareføring av registreringar frå det tidlegare viltkartet. Situasjonen i enkelte område kan vera vesentleg endra sidan desse registreringane vart gjennomført. Ein del registreringar av t.d. drakehovud er veldig gamle (1909), og ein registrerar at enkelte av områda med desse førekomstane alt er utbygd.

Alunskifer kan avgje radongass som kan vera kreftframkallande, men utifrå berggrunnen og kjennskapen til ein del område med alunskifer stiller ein spørsmål ved om det som er vist på karta viser den faktiske situasjonen. Kommunen har uansett i mange år alt stilt krav til å følgja opp problematikken kring radongass i samband med byggesaksbehandlinga.

Når det gjeld utløyings- og utløpsområde for snøskred og steinsprang så er avgrensinga av desse fastsett ved bruk av ein datamodell som utifrå helling på fjellsida og geologisk informasjon kjenner att terreng der utløysing av snøskred og steinsprang er muleg. Karta seier ingenting om kor sannsynleg det er at det går ras, og det er ikkje gjort feltarbeid ved utarbeiding av karta. Reell rasfare må vurderast nærare ved utarbeiding av reguleringsplanar for dei enkelte byggeområda, og ved ev. bygge- og dispensasjonssøknadar.

#### *Konsekvensar av planen generelt sett*

Utifrå retningslinene for planarbeidet og sannsynleg arealbehov i planperioden, er det gjort ei totalvurdering av forventa arealbehov i kommunen dei komande åra. For vidare utvikling er kommunen avhengig av attraktive bustad- og næringsområde. Utvikling av område for fritidsbustadar har vore, og er viktig i kommunen.

Kommunen må leggja til rette for vidare utvikling. Ein meiner konsekvensane for samfunnet totalt sett er marginale med forslaget til kommuneplan. Ein har i hovudsak unngått nedbygging av dyrka mark med nokre få unntak der ein meiner det er sterke og vesentlege grunnar til å bruka dyrka mark. Det er teke omsyn til natur- og friluftsiinteresser, og mange innspel er sortert vekk p.g.a. dette. Det er stilt krav om å ta ytterlegare omsyn til dette ved detaljregulering. Rasfare er vurdert og det er stilt krav om ytterlegare vurderingar og ev. tiltak ved detaljplanlegging.

Planforslaget medfører nedbygging av LNF-område, men òg tilbakeføring av ein del areal til LNF-område. Utifrå eit samfunnsmessig forventa behov i kommunen dei komande åra meiner ein at planforslaget viser eit realistisk forventa arealbehov. Det bør vera tilstrekkeleg med mulegheiter for bustadbygging og næringsutvikling, forutsett at det er vilje og økonomi til å regulera og realisera områda.

## 1. BUSTADAR

Følgjande innspel om bustadtomter er avvist p.g.a. kjent kunnskap om uønska hendingar og natur- og kulturlandskapsinteresser, og ikkje vurdert ytterlegare i konsekvensvurderinga (jf. grunnlagsdokument 3 og kommentarar til merknadar ved 1. offentleg ettersyn).

Gnr/bnr	Kunnskap	Vurdering
<b>Aurdal</b>		
1. 96/6	Skredfare, kulturlandskap, vesentlege terrenginngrep	Store negative konsekvensar
2. 99/1a	Støyutsett, byggeforbudssone langs E16, bratt	”
3. 99/1b	Støyutsett, jordvern	”
4. 91/7 og 12	Jordvern	”
5. 93/3	Jordvern	”
<b>Fagernes</b>		
6. 18/5	Jordvern/Avløpsproblematikk	”
7. 25/1	Jordvern	Store negative konsekvensar
8. 25/1	Vesentlege terrenginngrep, skredfare	”
9. 25/1	Vesentlege terrenginngrep, skredfare	”
10. 22/1 og 2	Jordvern, vesentlege terrenginngrep, bratt	”
11. 25/1 og 246*		
12. 21/3**	Avløpsproblematikk	
<b>Skrautvål</b>		
13. 16/5***		
<b>Ulnes</b>		
14. 43/4	Jordvern	Store negative konsekvensar

Område med høg risiko/store interesser	Område med middels risiko/interesser	Område med låg risiko/færre interesser
--	--------------------------------------	--

\* meir aktuelt når bustadarealet som alt er godkjent i reguleringsplan for Vesletveit er realisert.

\*\* meir aktuelt i neste planperiode, andre område er meir aktuelle no, dessutan må avløpssituasjonen i området løysast tilfredsstillande.

\*\*\* meir aktuelt i neste planperiode, behovet er dekkja, andre område nærare Fagernes meir aktuelle i denne planperioden.

### Bustadområde som vert tilbakeført til LNF


Ein del område har lege i kommuneplanen i 15-20 år utan at det har skjedd noko med dei. Ein vurderer dei som lite aktuelle for utbygging lenger, og dei er derfor tekne ut av forslaget til kommuneplan. Nokre av områda kan i tillegg vera rasutsett, ha store naturinteresser eller ligga langt unna offentleg VA-nett. Områda er erstatta med andre og nye område som har meir aktuell lokalisering.

Område	Gnr/bnr	Areal (daa)	Dyrka mark som blir tilbakeført til LNF
Bustadområde, Aurdal	97/6, 15	7	0
Bustadområde, Nesjordet vest, Fagernes	66/2	10	0
Bustadområde, Nesjordet aust, Fagernes	66/2	10	9
Bustadområde, Nerstad, Leira	86/18, 30	38	7 (9daa innmarksbeite)
Bustadområde, Måno, Leira	85/15, 385	34	0

B1	Bustadområde	Aurdal, Sagbrøtin	Gnr/Bnr: 95/26
<b>Høgde over havet:</b> 365-400 moh.		<b>Areal:</b> 15 daa	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> Skogområde med låg bonitet.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Delar av innspelet ligg i 100 metersbeltet til Bøaelve, 25 m er kortaste avstand (som tomt 46 i godkjent reguleringsplan).			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> Regulert til jord- og skogbruksområde i reguleringsplan for Sagbråten ((planID 0542R001 - Sagbråten, godkjent 26.02.75).			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			Stisystem
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Synleg frå Vestringsbygda, for øvrig relativt skjerma område.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.

Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Eksisterande stiar i området må takast omsyn til ved vidare planlegging, og det må leggest til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Reguleringsplanen må legga til rette for fri ferdsel langs Bøaelvé.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vindutsett. Middels nedbør- og snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	Ikkje registrert.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen. Inngår verken på aksomheitskart for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskred, ingen registrerte hendingar. Brannkum i nærleiken (300m). 500 m til elforsyning, 14 km til legevakt
Tilkomstløysing		Forlenga eksisterande veg i Sagbråtenfeltet anten på aust- eller vestsida av eigedom 95/156 samt mellom tomtene 46 og 47 i godkjent reguleringsplan.
Avstand til skule/barnehage	0	14km/3km
Avstand til kollektivtrafikk	0	1 km
Mulegheit for trafikksikker skuleveg, trafikktryggleik	0	400 m til skulebuss ved Bjødnaflata, gangveg på nordsida av fv 261
Universell utforming	0	Det skal leggest vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av bustadfeltet.
Infrastruktur	0	Kommunale VA-leidningar med kapasitet i nærområdet.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Berre ei av dei 10 tomtene som ligg på eigedom 95/26 i reguleringsplan for Sagbråten er utbygd. Alle 40 tomtene på kommunal grunn er opparbeidd, selt og utbygd. Ved å legga til rette for fleire tomter på eigedom 95/26 vil opparbeidingskostnadene kunne fordelast på fleire.

I retningslinene for revisjonen av arealdelen går det fram at kommunen har som mål at det skal leggest til rette for bustadbygging i alle grendene i kommunen. Ein vurderer sjansen for at dei 9 attverande tomtene i Sagbrøtinfeltet vert realisert som større om ein opnar for utvidinga.

Kommunen har ei overordna målsetting om å oppretthalda busettinga i alle tettstadane i kommunen. All tilrettelegging for bustadbygging utanom nærområdet til sentralskulen på Fagernes medfører auka transportbehov i form av skuleskyss. Utbygging i dette området utløyser generelt auka bilbruk. Totalt sett er dette uheldig miljø- og klimamessig sett, men

likevel er det for Nord-Aurdal som samfunn, og for andre kommunar som slit med å halda folketalet oppe, i det store og heile viktig å kunna leggja til rette for bustadbygging alle stadar i kommunen som ledd i å auka sannsynet for at folk vil busetta seg her. Bustadbygging her vil styrka grenda, og kan vera med å danna betre grunnlag for eit utvida kollektivtilbod.


Her finn ein eit alt eksisterande bustadområde der det er lagt til rette for vatn og avløp, samtidig som sjølve utbyggingsområdet er dekkja av skog med låg bonitet området.

**Konklusjon:** Overveigande positive konsekvensar av utbygginga. Området er lite konfliktfylt m.o.t. vidare bustadbygging og vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>B2</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Aurdal, Lundsmyré</b>	<b>Gnr/Bnr: 96/6</b>
<b>Høgde over havet:</b> 480-490 moh.		<b>Areal:</b> 1.5 daa	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> Jorddekt fastmark.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 m			
<b>Gjeldande planføremaal:</b> LNF			

#### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



Raud skravur viser område med potensiell rasfare

#### Kjent kunnskap:

##### Miljø:

Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.

Området der det er søkt om bustadtomt ligg i det området i tettstadsanalysa for Aurdal der det er sagt at det kan skje utbygging i form av fortetting og tilpassing.

Ingen registreringar i naturbasen til DN.

Ikkje dyrka mark.

Ligg i gul sone på støyvarselkartet.

**Samfunn:**

Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen.

Aktsomheitskartet for snøskred viser at heile B2 ligg innanfor eit teoretisk utløpsområde for snøskred.

Aktsomheitskartet for jord- og flaumskred viser at heile B2 ligg innanfor område med potensiell jord- og flaumskredfare.

Inngår ikkje på aksomheitskart for steinsprang.

Ingen tidlegare registrerte snøskred eller steinsprang i området.

VA-leidningar ligg sør/søraust like ved grensa til eigedom 96/106, lett tilgang til eksisterande veg.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Arealet er litt bratt nedst, så avkøyring til ev. tomt må leggest mot gardstunet. Isolert sett ser ein lite problem i å godkjenna ei enkel tomt her, og ein meiner at søknader om enkelttomter ikkje kan samanliknast med søknader om bustadfelt.

Området ligg innanfor eit teoretisk utløpsområde for snøskred og i område med potensielle jord- og flaumskredfare, dette må avklarast nærare. I retningslinene for kommuneplanarbeidet er det sagt at ein skal sikra at det framleis er høve til spreidd bustadbygging i kommunen, og at ev. dispensasjonssøknader om enkelttomter skal behandlast etter fastsette retningslinjer. Utifrå dette vurderer ein det som kurant å leggja til rette for ei tomt her gjennom kommuneplanarbeidet.


**Konklusjon:** Området er ikkje i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald.

**Avbøtande tiltak:** Støyreducerande tiltak må gjennomførast. Det må dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik m.o.t. ras og flaum før ev. utbygging kan finna stad.

<b>B3</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Høgdingsvegen, Aurdal</b>	<b>Gnr/Bnr: 99/1</b>
<b>Høgde over havet:</b> 505-515 moh.		<b>Areal:</b> 1.5 daa	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> Skog av låg bonitet og bebygd areal (lagerbygning?).			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter			
<b>Gjeldande planføremaal:</b> LNF		<b>Området er teke ut av godkjent plan</b>	

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



Raud skravur viser område med potensiell rasfare

### Kjent kunnskap:

#### Miljø:

Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.

Arealet ligg i det området i tettadsanalyse for Aurdal der det er sagt at det kan skje utbygging i form av fortetting og tilpassing.

Ingen registreringar i naturbasen til DN.

Ikkje dyrka mark.

Ligg delvis i gul sone på støyvarselkartet.

#### Samfunn:

Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen.

Aktsomheitskartet for snøskred viser at heile B3 ligg innanfor teoretisk utløpsområde for snøskred.

Aktsomheitskartet for jord- og flaumskred viser at B3 ligg innanfor område med potensiell jord- og flaumskredfare.

Inngår ikkje på aktsomheitskart for steinsprang.

Ingen tidlegare registrerte snøskred eller steinsprang i området.

450-550 m til kommunale VA-leidningar, lett tilgang til eksisterande veg.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Arealet ligg i det området i tettadsanalyse for Aurdal der det er sagt at det kan skje utbygging i form av fortetting og tilpassing.

I retningslinene for kommuneplanarbeidet er det sagt at ein skal sikra at det framleis er høve til spreidd bustadbygging i kommunen, og at ev. dispensasjonssøknader om enkelttomter skal behandlast etter fastsette retningsliner. Utifrå det vurderer ein det som kurant å leggja til rette for ei tomt her gjennom kommuneplanarbeidet.

Området ligg i gul sone på støyvarselkartet, støyreducerande tiltak må gjennomførast.


Området ligg innanfor eit teoretisk utløpsområde for snøskred o i område med potensiell jord- og flaumskredfare. Skredvurdering er gjort etter raset i Aurdal 22.05.13, B3 ligg i området der raset gjekk. Det ser ut som kanskje så mykje som over halve B3 ligg innanfor den kartlagde faresona. Planføresegnene seier at ingen nye bustadtomter skal vera under 800 m<sup>2</sup>. Byggeområde B3 er 1.5 daa.

**Konklusjon:** Området er ikkje i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Området er teke ut av forslag til kommuneplan som følgje av skredvurderingane som er gjort etter raset i Aurdal 22.05.13.

<b>B4</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Fagernes, Døvrisgruva</b>	<b>Gnr/Bnr: 14/1</b>
<b>Høgde over havet:</b> 440-445 moh.		<b>Areal:</b> 4 daa	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> Skog av låg bonitet.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> Regulert til landbruksområde i reguleringsplan for Marsteinhøgde 1 (planID0542R006 - Marsteinhøgde 1, godkjent 03.09.79).			

#### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og – landskap	X			
Landbruk	X			



#### Kjent kunnskap:

##### Miljø:

Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.  
Ingen registreringar i naturbasen til DN.  
Ikkje dyrka mark.

##### Samfunn:

Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen.  
Inngår verken på aksomheitskartet for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred.  
Ingen tidlegare registrerte snøskred eller steinsprang i området.  
Kommunale VA-leidningar i nærområdet, lett tilgang til eksisterande veg, ligg ved avkøyring til Marsteinhøgda og dei 5 eksisterande bustadtomtene ved Døvrisgruva.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:**

Retningsline for planarbeidet i planprogrammet: Ev. nye bustadfelt nærare sentralskulen enn 4 km, skal ha eller ha mulegheit for etablering av, gangvegsamband/stiar som gir sikker skuleveg slik at flest muleg kan gå til skulen.

Samfunnsdelen til kommuneplanen: Kommunen har ei målsetting om å arbeida for at alle skal ha ein trygg skuleveg.

Ein vurderer området som vanskeleg m.o.t. trafikksikker skuleveg då det verken er gangveg eller trafikklys heile skulevegen. Området må vurderast m.o.t. kulturminne, og ev. andre krav som går fram av planføresegnene til kommuneplanen for bustadfelt/enkeltbustader. Dersom områda blir med i endeleg godkjent plan bør det stillast krav om etablering av gangvegsamband/stiar som gir sikker skuleveg i reguleringsplan. Området ligg inntil byggeområde b3 (15/2), og skal regulerast saman med dette.


**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar av utbygginga, men transportbehov og manglande gang- og sykkelveg er ulemper, og kan gjera det aktuelt å ta ut områda frå planforslaget. Området er utover dette lite konfliktskytt m.o.t. vidare bustadbygging og vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald.

**Avbøtande tiltak:** Det bør stillast krav om etablering av gangvegsamband/stiar som gir sikker skuleveg i reguleringsplan for området.

<b>B5</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Hvalstad, Fagernes</b>	<b>Gnr/Bnr: 18/107</b>
<b>Høgde over havet:</b> 574-580 moh.		<b>Areal:</b> 4 daa	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> Skog av låg bonitet.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter.			
<b>Gjeldande planføresmål:</b> LNF			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap		X		Kulturminne, fangstgrop
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap:**

Miljø:

Kulturminne (fangstgrop), AskeladdenID 52392, i grensa mellom 18/107 og 18/40.

Ingen SEFRAK-registrerte bygningar.

Ingen registreringar i naturbasen til DN.

Ikkje dyrka mark.

Samfunn:

Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen.

Inngår verken på aksomheitskartet for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskred.

Ingen tidlegare registrerte snøskred eller steinsprang i området.

Lett tilgang til eksisterande veg, men det er vesentlege utfordringar knytt til avløpssituasjonen i området.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Før avløps-situasjonen er avklart er ein skeptisk til fleire bustadtomter i området. For å stimulera til å finna ei løysing meiner ein at det bør kunna opnast for 1-2 bustadtomter i området.

Retningsline for planarbeidet i planprogrammet: Ev. nye bustadfelt nærare sentralskulen enn 4 km, skal ha eller ha mulegheit for etablering av, gangvegsamband/stiar som gir sikker skuleveg slik at flest muleg kan gå til skulen.

Samfunnsdelen til kommuneplanen: Kommunen har ei målsetting om å arbeida for at alle skal ha ein trygg skuleveg.

Ein vurderer området som vanskeleg m.o.t. trafikksikker skuleveg, då det verken er gangveg eller trafikklys heile skulevegen. Området må vurderast m.o.t. kulturminne, og ev. andre krav som går fram av planføresegnene til kommuneplanen for bustadfelt/enkeltbustader. Dersom områda blir med i endeleg godkjent plan bør det stillast krav om etablering av gangvegsamband/stiar som gir sikker skuleveg.


**Konklusjon:** : Overvegande positive konsekvensar av utbygginga, men transportbehov og manglande gang- og sykkelveg er ulemper, og kan gjera det aktuelt å ta ut områda frå planforslaget. Utbygging kan i tillegg koma i konflikt med kulturminne. Området er utover dette lite konfliktylft m.o.t. vidare bustadbygging og vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturlandskap og biologisk mangfald.

**Avbøtande tiltak:** Det blir stilt krav om etablering av gangvegsamband/stiar som gir sikker skuleveg for området og avklaring av avløpsproblematikken før ev. realisering. Det skal takast omsyn til kulturminnet i området.

<b>B6</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Fagernes, Nyvegtøppen</b>	<b>Gnr/Bnr: 18/18, 40, 15/6, 12, 14/29 og 37</b>
<b>Høgde over havet:</b> 595-620/5 moh.		<b>Areal:</b> 92 daa	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> I hovudsak skog av låg bonitet, litt skog av middels			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter.			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			Stisystem
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne. Ingen kjente SEFRAK-bygningar
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Eksisterande stiar i området må takast omsyn til ved vidare planlegging, og det må leggest til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Ingen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark
Støy, støv og anna forureining	0	Ikkje registrert.
<b>SAMFUNN</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen. Området inngår verken på aksomheitskart for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen

		registrerte hendingar. Brannvatn og elforsyning ok, 3-5 km til legevakt
Tilkomstløysing	0	Frå fv 204, og eksisterande vegar innad i område som alt er godkjent til bustadføremål.
Avstand til skule/barnehage	0	3-5 km
Mulegheit for trafikksikker skuleveg, trafikktryggleik	0	Tilknytning til eksisterande sti frå Marsteinhøgde 2 til Fagernes sentrum.
Universell utforming	0	Det skal leggest vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av bustadfeltet.
Infrastruktur	0	Kommunale VA-leidningar i nærområdet. Området skal regulerast saman med tilgrensande område som tidlegare er godkjent som byggeområde for bustader (b4).

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** I kommunal planstrategi for Nord-Aurdal for 2012-2016 har kommunen vedtatt å prioritera utarbeiding av reguleringsplan for Nyvegtøppen. Det er krav om felles reguleringsplan for B6/b4 (områderegulering).

Her er det lagt til rette for vatn og avløp i grensa til området. Det er gangavstand til Fagernes sentrum, og plankartet viser trasé for gangveg som går saman med eksisterande gangveg frå Marsteinhøgde til Fagernes sentrum. I samband med etablering av bustadfelt B6/b4 skal det stillast krav om opparbeiding av gangvegen.

Delar av området er bratt, og tilrettelegging av bustader og vegar vil kunna medføra store terrenginngrep. Ein meiner derfor at dei delane av eigedomane 15/6 og 12 som ligg mellom b4/bustadtomt 15/70 og eigedom 18/40 også bør vera med i byggeområdet, slik at ein har betre vurderingsgrunnlag m.o.t. vegframføring.


**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar av utbygginga. Området er lite konfliktfylt m.o.t. vidare bustadbygging og vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfold. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

**Avbøtande tiltak:** Det må etablerast nytt gangvegsamband til Marsteinhøgde.

<b>B7</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Fagernes, Marsteinhøgde 3</b>	<b>Gnr/Bnr: 25/1</b>
<b>Høgde over havet:</b> 500-560 moh.		<b>Areal:</b> 19 daa	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> Skog av middel og låg bonitet			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> LNF			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap		X		
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Dei ytste tomtene vil bli synlege frå Fagernes utan at dette treng å ha noko uheldig verknad på landskapsbildet.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	-1	Kulturminne (kolframstillingsanlegg), AskeladdenID 81311. Ingen SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Eksisterande stiar i området må takast omsyn til ved vidare planlegging, og det må leggest til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Ingen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vindutsett. Middels nedbør- og snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark
Støy, støv og anna forureining	0	Ikkje registrert.
<b>SAMFUNN</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	-1	Stor sannsynlegheit for radongasstråling. Heile området ligg

		innanfor område med alunskifer. Tiltak må vurderast og ev. iverksettast. Inngår verken på aksomheitskart for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, ingen registrerte hendingar. Brannvatn ok, elforsyning ok, 1-2 km til legevakt
Tilkomstløysing		Tilknytning til eksisterande veg til Marsteinhøgde.
Avstand til skule/barnehage	0	1-2 km
Avstand til kollektivtrafikk	0	1-2 km
Mulegheit for trafikksikker skuleveg, trafikktryggleik	0	Tilknytning til eksisterande sti frå Marsteinhøgde 2 til Fagernes sentrum.
Universell utforming	0	Det skal leggst vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av bustadfeltet.
Infrastruktur	0	Kommunale VA-leidningar i Marsteinhøgde 2

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Samfunnsdelen har ei målsetting å leggja til rette for kommunale bustadtomter nær regionsenteret. Etterspurnaden etter kommunale sentrumsnære bustadtomter på Fagernes er stor, samtidig som det er grunn til å tru at etableringa av Nord-Aurdal barneskule vil medføra ytterlegare etterspurnad. Ligg i tilknytning til eit eksisterande bustadområde der det er lagt til rette for vatn og avløp.

Det er gangavstand til Fagernes sentrum, og med tanke på lokaliseringa og avstand til ulike sentrumsfunksjonar på Fagernes som sentralskulen og Valdres lokalmedisinske senter, mulegheit for trafikksikker skuleveg m.m. vurderer ein området som godt eigna til føremålet samtidig som det vil bli mindre transportbehov enn i andre bustadområde.

Det kan bli vanskeleg å etablere til ei tilfredsstillande vegløysing til området. Vegen gjennom eksisterande bustadfelt på Marsteinhøgde er ikkje etablert med sikte på at det skal leggst til rette for fleire bustadar i ei forlenging av denne i aust. Ev. veg til området må tilknytast eksisterande veg til Marsteinhøgde via eit anna punkt.

**Konklusjon:** Utbygging kan koma i konflikt med kulturminne. Området er ikkje i konflikt med jordvern, kulturlandskap og biologisk mangfald. Overvegande positive konsekvensar.

**Avbøtande tiltak:** Ev. radonfare må avklarast endeleg ved reguleringsplanprosessen og ev. tiltak gjennomførast. Det skal takast omsyn til kulturminnet i området.



<b>B8</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Fagernes, Tveit</b>	<b>Gnr/Bnr: 25/1</b>
<b>Høgde over havet:</b> 400-435 moh.		<b>Areal:</b> 4.5 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Fulldyrka jord og skog av høg bonitet.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Nærare enn 50 m frå delar av området, men det er køyreveg i mellom, utbygging hindrar ikkje fri ferdsel i tilknytning til bekken. I tillegg ser det ut som det ligg			

vassførekomstar inne i sjølve byggeområdet.

**Gjeldande planføre mål: LNF**

### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			Kulturlandskap
Landbruk		X		Dyrka mark



Kart med raud skravur t.v. viser område med potensiell rasfare, utløpsområde snøskred, kart med prikkete skravur t.h. viser område med potensiell rasfare, jord- og flaumskredfare.

### Kjent kunnskap:

#### Miljø:

Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.

Ingen registreringar i naturbasen til DN.

Hovudsakleg dyrka mark.

#### Samfunn:

Stor sannsynlegheit for radongasstråling. Heile området ligg innanfor område med alunskifer.

Aktsomheitskartet for snøskred viser at området ligg innanfor utløpsområdet til snøskred.

Aktsomheitskartet for jord- og flaumkred viser at den austlegaste delen av området ligg innanfor område med potensiell jord- og flaumskredfare.

Inngår ikkje på aktsomheitskartet for steinsprang.

Ingen tidlegare registrerte snøskred eller steinsprang i området.

Lett tilgang til eksisterande veg. Kommunale VA-leidningar i Tveitafeltet.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Utviding av eit alt godkjent byggeområde i gjeldande kommuneplan frå 2009, i forslag til ny kommuneplan har området identiteten b5. Forslaget om utviding er grunngjeve med å leggja betre til rette for etablering av nødvendig infrastruktur. Det er inga stor utviding det er snakk om, men utvidingsområdet ligg hovudsakleg på dyrka mark.

Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med kulturminne og biologisk mangfold. Her er det lagt til rette for vatn og avløp i grensa til området. Det er gangavstand til Fagernes sentrum, og med tanke på lokaliseringa og avstand til ulike sentrumsfunksjonar på Fagernes, mulegheit for trafikksikker skuleveg m.m. vurderer ein området som godt eigna til føremålet.

Delar av område B8 er bratt, og det kan vera behov for utviding i aust for å få ei brukbar vegløyning. Området ligg innanfor eit teoretisk utløpsområde for snøskred og i område med potensiell jord- og flaumskredfare, dette må avklarast nærare. Før det kan byggast i området må det gjerast nærare vurderingar m.o.t. rasfare (snø-, jord- og flaumskred), og ev. avbøtande tiltak må vurderast/iverksettast for heile området (både B8 og b5). Likeeins må det gjerast vurderingar og ev. tiltak iverksettast m.o.t. radon. Krav om høg utnytting.


**Konklusjon:** Negativ konsekvens for dyrka mark, men det gir mulegheit for ei betre vegløyning. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfold.

**Avbøtande tiltak:** Det må dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik m.o.t. ras og flaum før ev. utbygging kan finna stad. Ev. radonfare må avklarast endeleg ved reguleringsplanprosessen og ev. tiltak iverksettast.

<b>B9</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Leira, Førsøddin</b>	<b>Gnr/Bnr: 83/55</b>
<b>Høgde over havet:</b> 365-395 moh.		<b>Areal:</b> 14 daa	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> Skog av høg og middels bonitet, jorddekt fastmark			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter med unntak av ei tomt mellom 83/61 og 65 som vil bli liggande 30-40 m, men ikkje med kortare avstand enn dei alt godkjente tomtene her.			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> Regulert til spesialområde, friluftsområde og bevaring av anlegg, i reguleringsplan for Førsøddin (planID 0542R117 – Førsøddin, godkjent 17.03.05)			

#### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfold	X			Elgbeiteområde
Grønstruktur og friluftsliv	X			Stisystem
Kulturminne, -miljø og - landskap		X		Kulturminne, fleire
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Tomtene vil bli synlege frå Fagernes utan at dette treng å ha noko uheldig verknad på landskapsbiletet.
Naturverdiar og biologisk mangfald		Heile området inngår i Begna, NaturbaseID BA 00046779 som er eit 37280 daa stort beiteområde for elg.
Kulturminne og –miljø	-1	4 kulturminne (kolframstillingsanlegg) med AskeladdenID 88278-88281. Kjem til å søka om frigjeving. Ingen kjente SEFRAK-bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Eksisterande stiar i området må takast omsyn til ved vidare planlegging, og det må leggast til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Ingen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, vindutsett Middels nedbør- og snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark.
Helse og trivsel	0	
Støy, støv og anna forureining	0	Ikkje registrert.
<b>SAMFUNN</b>		

Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Brannvatn og elforsyning ok, 4-5km til legevakt
Tilkomstløysing		Veg til eksisterande tomter på Førsøddin.
Avstand til skule/barnehage	0	4-5/2-3 km
Avstand til kollektivtrafikk	0	1-2 km
Mulegheit for trafikksikker skuleveg, trafikktryggleik	0	Skulebuss.
Universell utforming	0	Det skal leggest vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av bustadfeltet.
Infrastruktur	0	Eksisterande.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** I følgje planprogrammet til arealdelen til kommuneplanen går det fram at ny utbygging i hovudsak skal skje innanfor eksisterande byggeområde. Av den kommunale planstrategien går det fram at ev. nye bustadfelt skal lokaliserast til område der det er lett og nær tilgang til eksisterande infrastruktur og barnehagar. Ein meiner det er fornuftig å bruka område som alt er tekne i bruk til byggeføremål framfor å ta i bruk nye område.

Utifrå kartet ser det ut som det er to markerte haugar (deriblant Øddetøppen) i området, og desse to må det takast omsyn til ved utarbeidinga av detaljplan slik at området ikkje blir øydelagt visuelt sett.

Beiteområdet for elg er notert registrert i 2000 i naturbasen, og sannsynlegvis er dette ei vidareføring av ei registrering frå det tidlegare viltkartet. Situasjonen i området er vesentleg endra med utbygginga som alt har skjedd på Førsøddin.

Her er det lagt til rette for vatn og avløp i grensa til området. Det er gangavstand til Leira sentrum, og med tanke på lokaliseringa og avstand til ulike sentrumsfunksjonar på Leira, mulegheit for trafikksikker skuleveg m.m. vurderer ein området som godt eigna til føremålet.

Eksisterande stiar i området må takast omsyn til ved vidare planlegging, og det må leggest til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik, det må oppretthaldast grøntkorridorar gjennom det nye utbyggingsområdet. Vidare planlegging må ta omsyn til kulturminna, ev. søka dispensasjon. ev. rasfare må avklarast endeleg ved reguleringsplanprosessen.

Kommunen har ei overordna målsetting om å oppretthalda busettinga i alle tettstadane i kommunen. All tilrettelegging for bustadbygging utanom nærområdet til sentralskulen på Fagernes medfører auka transportbehov i form av skuleskyss. Utbygging i dette området utløyser generelt auka bilbruk. Totalt sett er dette kanskje uheldig miljø- og klimamessig sett, men likevel er det for Nord-Aurdal som samfunn, og for andre kommunar som slit med å halda folketalet oppe, i det store og heile viktig å kunna legga til rette for bustadbygging alle

stadar i kommunen. Bustadbygging her vil styrka grenda, og kan vera med å danna betre grunnlag for eit utvida kollektivtilbod. Kommunen har dessutan ei overordna strategi om å sjå Fagernes og Leira som ein tettstad.

Det er avsett store areal på Førsøddin til leikeareal og til friluftsområde. Areala er lett tilgjengeleg for dei som bur på Førsøddin, og delar av området er eit eigna område for aking/skileik om vinteren. 28 daa av dette området er føreslått som nytt byggeområde i kommuneplanen. Området nærast fjorden er svært bratt og vanskeleg tilgjengeleg for ålmenta.

#### **Erstatningsareal for friområde:**

Det vart i konsekvensutgreiinga for utarbeidinga av reguleringsplan for Strandefjord fritidspark, som vart godkjent 17.06.10, påpeika at området har ein noko avgrensa verdi som nærrekreasjon for folk busett på Førsøddin.

Det eksisterer ikkje noko eigna erstatningsareal for nærrekreasjon på Førsøddin. Med etableringa av gangbrua har ein likevel fått eit veleigna nærrekreasjonsområde med trafikksikker tilkomst i form av badestrand og friluftsområde på andre sida av Strøndafjorden. Barn og unge som veks opp innanfor B9, vil ha svært god nærheit til aktivitetar, friluftsområde og kollektivtilbod. Utover dette vil arealet sør for Fylkesveg 261 vera eigna som nærrekreasjonsområde.

**Konklusjon:** Negative konsekvensar for kulturminne. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturlandskap og biologisk mangfald.

**Avbøtande tiltak:** Det er viktig å ha fokus på å avgrensa uheldige landskapsverknadar i byggeområdet. Det skal takast omsyn til kulturminna.

<b>B10</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Uslevolden, Skrautvål</b>	<b>Gnr/Bnr: 6/5</b>
<b>Høgde over havet:</b> 605 moh.		<b>Areal:</b> 1.5 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Fulldyrka jord			
<b>Avstand vassdrag:</b> I grensa mellom 6/5 og 5/1 er det ein liten bekk.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> Regulert til landbruks- og friområde, friområde og sti i reguleringsplan for Skrautvål (planID 0542R031 – Skrautvål, godkjent 09.02.87)			

#### **Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			Liten bekk
Grønstruktur og friluftsliv	X			Regulert sti
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk		X		Dyrka mark



**Kjent kunnskap:**

**Miljø:**

Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.  
Ingen registreringar i naturbasen til DN.  
Dyrka mark.

**Samfunn:**

Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen.  
Inngår verken på aktsomheitskartet for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskredfare.  
Ingen tidlegare registrerte snøskred eller steinsprang i området.  
Lett tilgang til eksisterande veg. Kommunale VA-leidningar i området.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Det vert søkt om omdisponering av 2 daa med dyrka mark til bustadføremål. Innspelet er del av eit ønske om makebytte i høve til å leggja til rette for tryggare forhold i landbruket med ny låvebru og meir føremålstenleg utforming av gardstunet på eigedom 6/7.

Eigedom 6/5 (2 daa) i reguleringsplan for Skrautvål vert omgjort til bustadføremål under føresetnad av at makebyttet som er skissert i innspelet datert 24.11.10 går i orden. Dersom ikkje bør gjeldande situasjon oppretthaldast. Området må vurderast m.o.t. kulturminne, og ev. andre krav som går fram av planføresegnene til kommuneplanen for bustadfelt/enkeltbustader. Mulegheita til fri ferdsel langs bekken er nokså avgrensa med gjeldande situasjon då det ligg innmark på begge sider av han. Ei endring til bustadføremål vil neppe vera avgjerande for ferdsla her. Regulert sti skal vidareførast. Ev. endring til bustadføremål gjeld berre areal som er vist som landbruksområde på 6/5 i reguleringsplanen. Ikkje krav om reguleringsplan.


**Konklusjon:** Negativ konsekvens for dyrka mark, utover det overvegande positive konsekvensar av omdisponeringa. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>B11</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Solheim, Skrautvål</b>	<b>Gnr/Bnr: 14/44 og 55</b>
<b>Høgde over havet:</b> 525-545 moh.		<b>Areal:</b> 8 daa	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> Skog av låg bonitet.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter			

**Gjeldande planføremål: LNF**

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald		Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne. Ingen kjente SEFRAK-bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggast til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Ingen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold.
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	Ligg delvis i gul sone på støyvarselkartet.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Elforsyning ok, 4-5km til legevakt

Tilkomstløsning		Frå fv 270 og eksisterande bustadeigedomar i området.
Avstand til skule/barnehage	0	4-5 km
Avstand til kollektivtrafikk	0	4-5 km
Mulegheit for trafikksikker skuleveg, trafikktryggleik	0	Skulebuss
Universell utforming	0	Det skal leggest vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av bustadfeltet.
Infrastruktur	0	

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Delar av området er godt eigna til føremålet som er føreslått. Det er 15 meter byggegrense til fv270, og stadvis for bratt for bustadbygging. Det er ikkje noko av arealet på eigedomen som inngår på aktsomheitskartet for snøskred og/eller steinsprang.

Eksisterande stiar i området må takast omsyn til ved vidare planlegging, og det må leggest til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik.


Kommunen har ei overordna målsetting om å oppretthalda busettinga i alle tettstadane i kommunen. All tilrettelegging for bustadbygging utanom nærområdet til sentralskulen på Fagernes medfører auka transportbehov i form av skuleskyss. Utbygging i dette området utløyser generelt noko auka bilbruk sett i høve til ulike funksjonar. Totalt sett er dette kanskje uheldig miljø- og klimamessig sett, men likevel er det for Nord-Aurdal som samfunn, og for andre kommunar som slit med å halda folketalet oppe, i det store og heile viktig å kunna legga til rette for bustadbygging alle stadar i kommunen. Det er fleire eksisterande bustadar i området, og relativt kort avstand til Fagernes sentrum.

**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar av utbygginga. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfold. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>B12</b>	<b>Bustadområde</b>	<b>Fagernes, Husaplassen</b>	<b>Gnr/Bnr: 18/33, 38 og 279</b>
<b>Høgde over havet:</b> 505-530 moh.		<b>Areal:</b> 51 daa (12 daa er uregulert)	
<b>Arealtilstand i dag/gjeldande arealbruk:</b> Skog av middels og låg bonitet.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter.			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> 12 daa LNF i delplan for bygdene, gkj 12.11.09, resten av området (39 daa) er regulert til skogbruksområde, forretningsføre mål og friområde i reguleringsplan for Marsteinhøgde 2 (planID0542R009, godkjent 20.08.81).			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv		X		
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne. Ingen kjente SEFRAK-bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Eksisterande stiar i området må takast omsyn til ved vidare planlegging, og det må leggest til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Ingen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark
Støy, støv og anna forureining	0	Ikkje registrert.
<b>SAMFUNN</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	-1	Stor sannsynlegheit for radongasstråling. Heile området ligg innanfor område med alunskifer. Tiltak må vurderast og ev. iverksettast. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Brannvatn ok, elforsyning ok, 2 km til legevakt
Tilkomstløysing		Tilknytning til eksisterande veg til Marsteinhøgde.
Avstand til skule/barnehage	0	2 km

Avstand til kollektivtrafikk	0	2 km
Mulegheit for trafikksikker skuleveg, trafikktryggleik	0	Eksisterande sti frå Marsteinhøgde 2 til Fagernes sentrum.
Universell utforming	0	Det skal leggast vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av bustadfeltet.
Infrastruktur	0	Kommunale VA-leidningar i nærområdet (Marsteinhøgde 1 og 2)

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Samfunnsdelen har ei målsetting å leggja til rette for kommunale bustadtomter nær regionsenteret. Etterspurnaden etter kommunale sentrumsnære bustadtomter på Fagernes er til dels stor, samtidig som det er grunn til å tru at etableringa av Nord-Aurdal barneskule vil kunna medføra ytterlegare etterspurnad.

Kommuneplankartet viser forslag til vegtilkomst basert på ei vegløyning som er vist i reguleringsplan for Marsteinhøgde 2. Det er gangavstand til Fagernes sentrum, og med tanke på lokaliseringa og avstand til ulike sentrumsfunksjonar på Fagernes som sentralskulen og Valdres lokalmedisinske senter, mulegheit for trafikksikker skuleveg, transportbehov m.m. vurderer ein området som godt eigna til føremålet.

Ein del av arealet innanfor B12 er i gjeldande reguleringsplan for Marsteinhøgde 2 vist som friområde. Ikkje noko av friområdet i reguleringsplanen er opparbeidd. Tilsvarande areal som er reservert som friareal i gjeldande reguleringsplan skal visast som friareal ved utarbeiding av ny reguleringsplan. Storleiken på og lokaliseringa av friområde, leikeareal osv. vil vera ein del av heilskapsvurderinga knytt til tilrettelegginga av nye bustadtomter i området. Utover dette ligg det nye bustadområdet nært inntil store areal som gir gode mulegheiter for trafikksikker tilkomst til både leikeareal nært og fjernt frå byggeområdet.

Byggeområdet er omslutta av LNF-område på alle kantar med unntak av mot eksisterande bustadområde på Marsteinhøgda. I nærområdet er det god tilgang til område som kan nyttast til friluftsføremål, i tillegg er det lett tilgang både til fots og med sykkel til meir fjerntliggende friluftsområde. I eit område som dette vurderer ein det derfor slik at det å finna erstatningsareal for friluftsområde lite problematisk.

Ved utarbeiding av reguleringsplan skal heilskapsbildet for området vektleggast. Regulererte vegar og stiar skal vidareførast eller ev. erstattast av andre trasear dersom det passar betre inn i heilskapsbildet. Behovet for ev. flytting av regulererte leikeplassar, og ev. behov for nye leikeplassar, skal vurderast i høve til leikeplassføresegnene og –normene til kommunen (retningsline 3) og vera i tråd med desse.

#### **Erstatningsareal for friområde:**

Det er teke inn ei føresegn som seier at *”Tilsvarande areal som er vist som friareal i gjeldande reguleringsplan skal visast som friareal ved utarbeiding av ny reguleringsplan”*.

**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar av utbygginga. Området er lite konfliktylt m.o.t. vidare bustadbygging og vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ev. radonfare må avklarast endeleg ved reguleringsplanprosessen.

**Avbøtande tiltak:** Krav om at tilsvarende areal som er vist som friareal i gjeldende reguleringsplan skal visast som friareal ved utarbeiding av ny reguleringsplan.

### **SAMLA VERKNADAR – BUSTADOMRÅDE**

Summen av talet på bustadområde i planforslaget tek høgde for at innbyggartalet vil auka dei komande åra og at ein vil få den største auken i Fagernes/Leiraområdet og i Aurdal. Behovet for kommunale tenester kan auka på sikt, t.d. behovet for elevplassar i barneskulen og barnehageplassar. Ein reknar med at B6 og B12 vil gje størst behov for etablering av kommunale tenester. Ved etablering av gangvegtraséen som er vist på plankartet, så vil begge områda ligga med gangavstand til Fagernes sentrum. Utover dette ligg alle områda med gangavstand til kollektivtransport, men med høgst varierende tilbod (i hovudsak skuleskyssrute) og avstand. Alle nye bustadområde ligg innanfor eller i nær tilknytning til eksisterande byggeområde.

Byggeområde B2, B3 og B8 ligg innanfor område som er merka av på [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no) med potensiell rasfare. Bustadområde B3 er teke ut av planforslaget etter 2. offentleg ettersyn p.g.a. rasfare. Området ligg tett inntil området der fleire bustadar vart råka av ras i mai 2013. Det er gjort rasvurderingar for B2 m.o.t. steinsprang og snøskred, og denne konkluderer med at det må gjerast ytterlegare vurderingar m.o.t. steinsprang.

Byggeområde B2 ligg i gul sone på støyvarselkartet, medan B3 og B11 ligg delvis i gult område. Til saman er det derfor 6-7 nye tomter som er lagt i gul sone.

Potensialet for negative verknadar for naturmangfaldet blir vurdert som liten. Heile B9 i Begna, NaturbaseID BA 00046779 som er eit 37280 daa stort beiteområde for elg. Beiteområdet for elg er notert registrert i 2000 i naturbasen, og sannsynlegvis er dette ei vidareføring av ei registrering frå det tidlegare viltkartet. Situasjonen i området er vesentleg endra med utbygginga som alt har skjedd på Førsøddin.

Byggeområda B5, B7 og B9 kan/vil koma i konflikt med registrerte kulturminne.

Konsekvensvurderinga viser at forslaget om bustadtomter fører til tap av 2 daa dyrka mark i B8 og 1.5 daa dyrka mark i B10.

## 2. HYTTEOMRÅDE

Over 110 innspel om hyttetomter er avvist, i tillegg er det ein heil del innspel som er delvis avvist.

For fleire av innspela som er heilt eller delvis avvist, er det for enkeltinnspela ingen kjent risiko eller muleg negativ konsekvens isolert sett. Kommunen kan imidlertid ikkje vurdere desse innspela isolert sett, innspela må sjåast i ein heilskap.

Alle innspela om hyttetomter er vurdert utifrå retningslinjer som kommunestyret har fastsett. Innspela som er mest i samsvar med retningslinjene er konsekvensvurdert, dei øvrige er ikkje vurdert ytterlegare, jf. grunnlagsdokument 1 og 2 samt kommentarar til merknadar ved 1. offentleg ettersyn. I det totale bilete inngår også det faktum at kommunen har kring 1500 godkjente ubygde hyttetomter. Så lenge desse finst, og grunneigarar ser på dei som ein reservekapital, så hindrar dette godkjenning av nye hyttetomter.

### Hytteområde som skal tilbakeførast til LNF


Eit par hytteområde som har lege i kommuneplanen i 15-20 år er tekne ut p.g.a. nye opplysningar som gjer at ein meiner det ikkje bør leggest til rette for nye hyttetomter her. Eit av dei har store naturinteresser, medan det andre ligg i eit område der kommunen er skeptisk til ny hyttebygging før det er gjort ei heilskapleg vurdering av forureiningsfaren i området.

Område	Gnr/bnr	Areal (daa)	Kunnskap
Hytttområde, Ørrhovda, Skrautvål heimås	1/2,16, 3/8, 9/3,6	450?	Store naturinteresser
Hytttområde, Tveitastølomr., utmarksplanen	23/34 og 38		Forureinings situasjonen er uklar.

<b>H1</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Tisleidalen, Båtbrenna</b>	<b>Gnr/Bnr: 106/30,47,56,99</b>
<b>Høgde over havet:</b> 750-765 moh.		<b>Areal:</b> 179 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av låg bonitet, uproduktiv skog og myr.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Under 100 m til Åbjøra frå delar av området.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> LNF			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Ja, Tisleidalen			

### **Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald		X		Elgtrekk
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Myrområde med stadvis lite vegetasjon. Langs fv51 bra med vegetasjon. Eksisterande hytter i liten grad synleg frå fv51.
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	I den nordlege avgrensinga går eit elgtrekk, området er kalla Ølsjøkanalen (NaturbaseID-BA00046791).
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggest til rette for vidare bruk av ev. eksisterande stiar/skiløyper og tilgrensande område til turbruk.
Innverknad på vassdrag	0	Ingen nye hyttetomter skal leggest nærare Åbjøra enn 50 meter. Fri ferdsel langs vassdrag skal vektleggast.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vindutsett, lite nedbør-/snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Beite, ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	I liten grad.
<b>SAMFUNN:</b>		

Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Brannforsyning frå Åbjøra, elforsyning i området, 15-20 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande tilkomstvegar per d.d. i området.
Universell utforming	0	
Infrastruktur	0	Krav om høg standard.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Ev. utbygging må ta omsyn til myrdraga i området, mulegheiten for fri ferdsel langs Åbjøra og forureinings-/avrenningsfare til vassdrag.


Området eignar seg for fortetting og utviding. Området er lett tilgjengeleg frå fv. 51, det er mange eit eksisterande fritidsbustadar her samtidig som området ligg innanfor eit av satsingsområda til kommunen for turisme. Området ligg i tillegg nært vassdrag, noko som og er med og gjer det attraktivt.

**Konklusjon:** Ingen store negative konsekvensar av utbygginga. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>H2</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Åbjøråsen, Gamlestølfeltet</b>	<b>Gnr/Bnr: 113/6 og 9</b>
<b>Høgde over havet:</b> 770-775 moh.		<b>Areal:</b> 7 daa (inkludert 3 frådelt ubygde hyttetomter).	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av låg bonitet og uproduktiv skog.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> LNF		<b>Området er teke ut av godkjent plan</b>	
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Nei			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Lite vegetasjon på eigedom 113/6.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggast til rette for vidare bruk av ev. eksisterande stiar/skiløyper og tilgrensande område til turbruk.
Innverknad på vassdrag	0	Ingen kjente. Nytt byggeområde er trekt 50 meter frå Bløytjednet. E3 ligg nær Bløytjednet, eit vatn det alt er store inngrep i, reguleringsmagasin.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vindutsett, lite nedbør-/snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Beite, ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	-1	Eksisterande masseuttak 100 meter frå byggeområdet som er føreslege utvida. Forslag om utviding av eksisterande næringsområde aust for fv51.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen

		registrerte hendingar. Elforsyning i området, 15-20 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Bruk av tilkomstveg til eksisterande hytter i aust.
Universell utforming	0	
Infrastruktur	0	Bruka eksisterande veg til hytteområdet.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Ein meiner at det å leggja til rette for 3-4 hyttetomter blant dei 2 utbygde og 3 ubygde hyttetomtene her kan reknast som fortetting/minimal utviding.

Det blir lagt opp til framleis avgrensa bruk av det eksisterande masseuttaket ved Astridmyre.

Det vert lagt opp til ei utviding av næringsområdet aust for fv51 (Bløytjednsagé). Landskapet er stadvis relativt ope her, noko som medfører at ev. tiltak vil vera lett synleg frå fleire av dei eksisterande og ev. nye tomter for fritidsbustadar. Potensielle konflikter i høve til eksisterande fritidsbustadar vil vera til dels stor i heile Tisleidalen uansett kor ein legg eit nytt næringsområde, men Tisleidalen er ei levande grend der det på lik line med andre bygder er behov for næringsareal slik at ein har mulegheit for nyetablering. I dette området er det heller liten konsentrasjon av fritidsbustadar, og det ligg utanfor området som er definert som satsingsområde for turisme.


Ein vurderer situasjonen slik at det er fornuftig å leggja til rette for å utvida det eksisterande næringsområdet her slik at det kan etablerast ein fellesskap. Området ligg nær fv51, noko som gjer at det både vil vera lett å koma til næringsområdet og lett å frakta vekk ev. produkt. Samtidig fungerer fv51 som ein buffer mot dei 2 bebygde hyttetomtene i H2. Støynivået og transportbehovet til næringsområdet er avhengig av kva næringsverksemd ein etablerer. Ein meiner at i ei bygd som Tisleidalen er det riktig å vera relativt open i høve til kva ein tillet av næringsverksemd i eit næringsområde, utover det at det ein ikkje tillet tungindustri.

**Konklusjon:** Nærleiken til eit eksisterande masseuttak der ein meiner det framleis bør vera ein avgrensa bruk og næringsområde som er føreslege utvida, er faktorar som gjer at det er motsegn til R1, H2 og E3. Det er derfor forslag om å ta byggeområde H2 ut av planforslaget ved 3. off. ettersyn. Det er viktigare for kommunen i heilskap at næringsområdet vert godkjent enn 3-4 nye hyttetomter.

<b>H3</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Merket hyttefelt</b>	<b>Gnr/Bnr: 114/10</b>
<b>Høgde over havet:</b> 860-870 moh.		<b>Areal:</b> 35 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av låg bonitet.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> Regulert til landbruksområde (planID 0542R148 – Merket hyttefelt, godkjent 30.08.07)			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Nei			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			Beiteområde for elg
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Skjerma skogsområde.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Inngår i området Hestmyråsen, eit over 9000 daa stort beiteområde for elg (NaturbaseID- BA00046793).
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggast til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Ingen kjente.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vindutsett, lite nedbør. Middels snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Beiteområde for sau. Ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	I liten grad.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Brannforsyning frå Tisleia 1500 m unna, elforsyning i området, 25 km til legevakt
Tilkomstløysing	0	Forlenging av eksisterande hytteveg på eigedom 114/10.

Avstand til kollektivtrafikk	0	2 km
Universell utforming	0	
Infrastruktur	0	Vidarefører kravet om høg standard i området frå "Kommunedelplan for Merket utmarksområde".

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Tilrettelegging for 5-6 nye hyttetomter i området har neppe dei heilt store konsekvensane for beiteområdet for elg slik situasjonen no er blitt i området. Hytteområdet har stegvis ete seg innover i urørt område. Eigedommen ligg innanfor Merket utmarksområde, der det vart godkjent eigen kommunedelplan 15.06.06, og som med vedtaket av denne planen blir oppheva. I kommunedelplanen for Merket utmarksområde er det krav om høg standard, og det vert vidareført i kommuneplanen.


I og med at det er krav om høg standard i området meiner ein at det bør kunna opnast for ei utviding av hyttefeltet.

**Konklusjon:** Ingen store negative konsekvensar av utbygginga. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>H4</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Vaset, Skørvestølen</b>	<b>Gnr/Bnr: 48/3-6, 49/1-3 m.fl.</b>
<b>Høgde over havet:</b> 940-995 moh.		<b>Areal:</b> 600 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> I hovudsak uproduktiv skog, men og ein del myr og litt anna jorddekt fastmark			
<b>Avstand vassdrag:</b> Varierer, men Vesleåne renn gjennom området (kjem frå Båtåne)			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF, 5-6 eigedomar er regulert/delvis regulert (planID 0542R032 - vegparsell Hippe/simle).			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Ja, Vaset vestlegaste teig: 48/3 og 6, austlegaste teig 49/7			

#### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald			X	Lokalt viktige rikmyrar
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

<b>Tema</b>	<b>Vurdering</b>	<b>Kunnskap/konsekvens</b>
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Glissen vegetasjon. Ved ev. utbygging bør eksisterande vegetasjon i stor grad oppretthaldast. Terrenget er svakt hellande.
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Delar av ID- BN00022680 og heile BN00022681 i naturbasen ligg innanfor området. Dette er to lokalt viktige rikmyrar på 26 daa og 23 daa, begge områda er kalla Skørvestølen. Det ligg tre andre tilsvarande lokalitetar sør og vest for området, 2 av dei er mindre lokalitetar enn Skørvestølen og 1 større. Det går ein trekkveg for elg frå Skørvestølen og til Vestre Slidre kommune (BA00055829 i naturbasen) i utkanten av byggeområdet i nord.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det er ekisterande stiar og skiløyper i området. Det må leggast til rette for vidare bruk av dette og tilgrensande område til turbruk og leik. Større samanhengande grøntområde skal takast vare på.
Innverknad på vassdrag	0	Avstanden til vassdrag, og ev. konsekvensar m.o.t. dette må vurderast i planprosessen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Middels solforhold, lite vindutsett, lite nedbør. Middels snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Beiteområde. Ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	I liten grad.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Brannforsyning frå kommunalt vatn i området, elforsyning i området, 15 km til legevakt
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande vegar i området

		med nye stikkvegar til tomtene.
Universell utforming	0	
Infrastruktur	0	Konsentrert utbygging i eigna område for å unngå lange nye grøfter og nye vegar, og i stor grad utnytta eksisterande infrastruktur.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Området grensar inn til reguleringsplan for Gomobu. Positivt at mange grunneigarar har gått saman om å fremma eit felles innspel til kommuneplanen.

Totalt sett reknar ein området som godt eigna, og særleg for fortetting langs eksisterande vegar. Ev. utbygging skal ta omsyn til og unngå rikmyrene i området.


**Konklusjon:** Lokalt viktige rikmyrer innanfor avgrensinga av byggeområdet. Store delar av området er vist som lettbrukt dyrkbar jord i gardskartet til Skog og landskap, men ei ev. nydyrking vil kunna skapa konflikter mellom landbruks- og fritidsinteressene då det alt er etablert fleire hytter i området. Området vert utover dette vurdert til ikkje å vera i konflikt med kulturminne og kulturlandskap.

**Avbøtande tiltak:** Følgjande planføresegn er innarbeidd: ”Det skal takast omsyn til lokaliteten av rikmyr innanfor område H4 og H8 i det vidare reguleringsplanarbeidet”.

<b>H5</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Skrautvål heimås,Dalen</b>	<b>Gnr/Bnr: 13/14,20/3 m.fl.</b>
<b>Høgde over havet:</b> 890-980 moh.		<b>Areal:</b> 400 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av låg bonitet, uproduktiv skog, myr, jorddekt fastmark, vatn			
<b>Avstand vassdrag:</b> Varierer (Putteskardtjednet med inn- og utløpsbekkar)			
<b>Gjeldande planføremål:</b> Regulert til friluftsområde på land (planID0542R113 – Dalen hyttefelt)			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Nei			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			Yngle- og beiteomr. for fugl i den vestlege delen mellom dei to byggeområda
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og – landskap		X		Kulturminne
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Spreidd vegetasjon. Litt barskog, minimalt med lauvtre. Ved ev. utbygging må eksisterande vegetasjon i stor grad oppretthaldast.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Den vestlege delen mellom dei to byggeområda inngår i området Høvssjøen, eit 1834 daa stort yngle- og beiteområde for fugl (NaturbaseID-BA00046836). Fiskeinteresser.
Kulturminne og –miljø	-1	Registrert 2 automatisk freda kulturminne i det sørlegaste området, AskeladdenID 145535 (jernvinneanlegg med 3 kolgroper) og 145536 (kolgrop).
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggest til rette for vidare bruk av ev. eksisterande stiar/skiløyper og tilgrensande område til turbruk.
Innverknad på vassdrag	0	Våtmarksområde mellom dei to områda. Inn- og utløpsbekken til Putteskardtjednet. Avstanden til vassdrag, og ev. konsekvensar m.o.t. dette må vurderast i planprosessen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, middels vindutsett,

		lite nedbør. Middels snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Beite, ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	I liten grad.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Elforsyning i området, 28 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande vegar i hyttefeltet per d.d.
Universell utforming	0	
Infrastruktur	0	Ingen felles vassforsyning. Ikkje planlagt felles avløpsløysing. Avfallskonteinar i Steinsetbygda.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Fortetting langs eksisterande vegar.


**Konklusjon:** H5 skal regulerast under eitt. Arealet mellom dei to områda skal regulerast til jordbruksføremål. Avgrensinga av det som er vist som byggområde vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturlandskap og biologisk mangfald. Det må takast omsyn til kulturminna i den sørlege delen av planområdet. Avgrensinga av planområdet skal justerast i høve til gjeldande plan. Dei to teigane i aust og dei to i vest utan byggeareal skal ikkje vera med i ein revidert plan. Den nørdeste delen på alle 4 skal framleis inngå i planavgrensinga. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

**Avbøtande tiltak:** Vidare planlegging må ta omsyn til kulturminna. Vatn- og avløpssituasjonen må løysast på ein tilfredsstillande måte dersom ein skal opna for fortetting av området.

<b>H6</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Tisleidalen, Brattstølen</b>	<b>Gnr/Bnr: 79/2</b>
<b>Høgde over havet:</b> 880-905 moh.		<b>Areal:</b> 10 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av låg bonitet.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 m			
<b>Gjeldande planføremål:</b> LNF			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Ja, Tisleidalen			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			Kulturlandskap, stølsvidda
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Muleg innsyn frå Tisleidalen, men neppe silhuettverknad.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Heile eigedomen ligg innanfor Stølsvidda, NaturbaseID KF 0000029, som er eit 200 km <sup>2</sup> stort stølsområde som er spesielt verneverdig.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggest til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, middels vindutsett, lite nedbør og snømengder.
Landbruk og jordvern	0	Grensar inn til stølsjorde. Beite, ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	I liten grad.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med aluskiifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. 15-20 km til legevakt
Tilkomstløysing	0	Lengst nord på 79/2 med veg frå 82/3
Universell utforming	0	
Infrastruktur	0	Borehol, bido, reinsing.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Den sørlegaste delen av området er bratt, og det er derfor neppe eigna for meir enn 4-5 tomter her.

Stølsvidda er eit viktig område, men byggeområdet ligg innanfor ein del av Stølsvidda der det har skjedd og skjer ein del utbygging. Lokaliseringa av byggeområdet kan neppe seiast å ligga i den viktigast delen av Stølsvidda.


Området ligg innanfor eit av satsingsområde, og det er krav om at det skal leggjast til rette for høg standard på ev. hyttetomter.

**Konklusjon:** Ingen store negative konsekvensar av utbygginga. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne og biologisk mangfald. Området ligg i utkanten av viktig kulturlandskapsområde. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>H7</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Svennes sameige vest for Tisleia, Hærvassbekken</b>	<b>Gnr/Bnr: 67/7</b>
<b>Høgde over havet:</b> 820-830 moh.		<b>Areal:</b> 27 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av låg bonitet og myr.			
<b>Avstand vassdrag:</b> 75-80 m på det smalaste			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Nei			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			Leveområde for storfugl
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Langestølen BA00046818 (naturbaseID), leveområde for storfugl, og Hærvassbekken BA 00046819, leveområde for storfugl/orrfugl grensar inntil

		området i aust og sør.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggest til rette for vidare bruk av området/tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Avstanden til vassdrag, og ev. konsekvensar m.o.t. dette må vurderast i planprosessen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Middels solforhold, lite vindutsett, lite nedbør, middels snømengder.
Landbruk og jordvern	0	Skogbruk. Beite, ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	I liten grad, litt støy.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Elforsyning 50 m unna, 20 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande hytteveg frå fv51.
Universell utforming	0	
Infrastruktur	0	Borevatn, avløpsløysing vil bli vurdert nærare av ekspert.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:**

Fortetting/minimal utviding langs eksisterande vegar. Like i utkanten av satsingsområdet Tisleidalen.


**Konklusjon:** Ingen store negative konsekvensar av utbygginga. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturlandskap og kulturminne, men området grensar inntil leveområde for storfugl/orrfugl i aust og sør. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

**Avbøtande tiltak:** Vatn- og avløps situasjonen må løysast på ein tilfredsstillande måte dersom ein skal opna for fortetting av området.

<b>H8</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Tisleidalen/ Svennes sameige vest for Tisleia, Hærvasstølvegen</b>	<b>Gnr/Bnr: 68/2,12,71/1 og 5</b>
<b>Høgde over havet:</b> 810-845 moh.		<b>Areal:</b> 86 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av låg bonitet, myr			
<b>Avstand vassdrag:</b> Det renn ein bekk gjennom området			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Delvis Tisleidalen			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald			X	Rikmyr, leve-/spel-/paringsområde for storfugl, trekkveg for elg
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	NaturbaseID BA00046818, Langestølen, leveområde for storfugl, ligg vest for/og sør i området. NaturbaseID BA 00046816, Vadset, trekkveg for elg, deler området i to. Aust i/for området ligg det ei rikmyr registrert som nasjonalt og regionalt viktig med naturbaseID BN 00022647, Flåstølen. NaturbaseID BA 00046829, Sandebekklie, spel-/paringsområde for storfugl ligg aust i/for området.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggast til rette for vidare bruk av området/tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Avstanden til vassdrag, og ev. konsekvensar m.o.t. dette må vurderast i planprosessen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vindutsett, lite nedbør, middels snømengder.
Landbruk og jordvern	0	Skogbruk. Beite, ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	
<b>SAMFUNN:</b>		

Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunksifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Elforsyning ok, 25 km til legevakt. 0.5-1 km til brannvatn.
Tilkomstløysing	0	Alle nye hyttetomter skal ha avkøyring frå Hærvasstølvegen.
Universell utforming		
Infrastruktur		Krav om høg standard.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Fortetting langs Hærvasstølvegen. Sjølv om ikkje heile området ligg innanfor eit av satsingsområde, er det krav om at det skal leggest til rette for høg standard på alle nye hyttetomter. Det skal ikkje leggest nye hyttetomter i leveområde for storfugl (naturbaseID BA00046818 Langestølen) eller i området nærast rikmyra (naturbaseID BN 00022647, Flåstølen). Nye hyttetomter skal leggest slik at dei tek omsyn til trekkvegen for elg (naturbaseID BA00046816 Vadset) og spel- og paringsområde for storfugl (naturbaseID BA00046829 Sandebekklie). Ev. utbygging skal ta omsyn til og unngå rikmyrene i området.


**Konklusjon:** Lokalt viktige rikmyrer innanfor avgrensinga av byggeområdet. Området vert utover dette vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne og kulturlandskap.

**Avbøtande tiltak:** Følgjande planføresegn er innarbeidd: ”Det skal takast omsyn til lokaliteten av rikmyr innanfor område H4 og H8 i det vidare reguleringsplanarbeidet”.

<b>H9</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Tisleidalen, Vadsetdansen</b>	<b>Gnr/Bnr: 70/2,71/5,73/11,12 m.fl</b>
<b>Høgde over havet:</b> 775-790 moh.		<b>Areal:</b> 59 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> I hovudsak skog av låg bonitet, jorddekt fastmark og litt myr			
<b>Avstand vassdrag:</b> Ligg bekkar i området.			
<b>Gjeldande planføresmål:</b> LNF			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Ja, Tisleidalen			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggest til rette for vidare bruk av området/tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Avstanden til vassdrag, og ev. konsekvensar m.o.t. dette må vurderast i planprosessen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, ingen vêrrisikoforhold.
Landbruk og jordvern	0	Skogbruk. Beite, ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	Ingen påkjenning dersom ein føreset skikkelege løysingar knytt til VA.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap		Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Elforsyning ok, 23 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande hyttevegar frå fv51.
Universell utforming		
Infrastruktur	0	Krav om høg standard

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Fortetting/utviding kan vera aktuelt i områda som ligg nærast Vasetdansen camping og elles der det ligg best til rette for det.

Området ligg innanfor eit av satsingsområde, og det er krav om at det skal leggest til rette for høg standard på ev. hyttetomter.

**Konklusjon:** Ingen store negative konsekvensar av utbygginga. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>H10</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Tisleidalen, Ørmshamarbrué</b>	<b>Gnr/Bnr: 75/4, 5, 21 og 76/2, 18, 29, 33 m.fl.</b>
<b>Høgde over havet:</b> 765-795 moh.		<b>Areal:</b> 216 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> I hovudsak skog med låg bonitet, litt uproduktiv skog og myr			
<b>Avstand vassdrag:</b> Ligg bekkar i området.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> LNF			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Ja, Tisleidalen			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggest til rette for vidare bruk av området/tilgrensande område til turbruk og leik.

Innverknad på vassdrag	0	Avstanden til vassdrag, og ev. konsekvensar m.o.t. dette må vurderast i planprosessen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Middels solforhold, lite vindutsett, lite nedbør og lite snø.
Landbruk og jordvern	0	Skogbruk. Beite, ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Elforsyning 50 m unna, 20 km til legevakt, høgspenning i yttergrensa av området.
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande hyttevegar.
Universell utforming	0	
Infrastruktur	0	Krav om høg standard.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Fortetting/utviding kan vera aktuelt i områda der det ligg best til rette for det, t.d. langs eksisterande vegar.


Området ligg innanfor eit av satsingsområde, og det er krav om at det skal leggest til rette for høg standard på ev. hyttetomter.

**Konklusjon:** Ingen store negative konsekvensar av utbygginga. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>H11</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Aurdalsåsen, Hukkelhaug</b>	<b>Gnr/Bnr: 92/26, 48</b>
<b>Høgde over havet:</b> 900-920 moh.		<b>Areal:</b> 59 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av låg bonitet.			
<b>Avstand vassdrag:</b> 60 meter til Surtetjednet og 20 meter til Engitjednet der det er kortast avstand, bekken mellom desse to vatna. Utbygging er ikkje til hinder for fri ferdsel, det er køyreveg for bil mellom.			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Ja, Aurdalsåsen			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap		X		Kulturminne
Landbruk	X			Beite



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Glissen vegetasjon. Ved ev. utbygging bør eksisterande vegetasjon i stor grad oppretthaldast.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	-1	Det er gjennomført kulturminneundersøking for eigedomen, og det er registrert eit automatisk freda minne like ved vegen i grensa mellom 92/26 og 92/32 med ID 88300 i Askeladden. Ingen kjente SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det er ekisterande sti(ar) i området. Det må leggast til rette for vidare bruk av dette og tilgrensande område til turbruk og leik.
Innverknad på vassdrag	0	Krav om høg standard, fri ferdsel vert ikkje hindra, det er køyreveg for bil mellom vassdrag og

		utbyggingsområdet.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vindutsett, lite nedbør. Lite snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Beite, ikkje dyrka mark.
Støy, støv og anna forureining	0	I liten grad.
<b>SAMFUNN:</b>		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	-1	Stor sannsynlegheit for radongasstråling. Heile området ligg innanfor område med alunskifer. Tiltak må vurderast og ev. iverksettast. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen registrerte hendingar. Brannforsyning frå Engivatnet, elforsyning i området, 15.5 km til legevakt
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande veg.
Universell utforming	0	
Planlagt og eksisterande infrastruktur	0	Høg standard. Borevatn og lokal infiltrasjon. 1.3 km til avfallskonteinar.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Fortetting/minimal utviding langs eksisterande veg på 92/26 kan vera aktuelt. Eigedomen ligg mellom 2 godkjente reguleringsplanar, Sørre Engatn og Skålemyré, samtidig som det er fleire andre godkjente planar i området. I brev 24.01.07 blir det bedt om at innspelet frå 25.02.02 blir teke opp til ny behandling. Innspelet frå 2002 vart avvist av planutvalet i sak 46/2002 den 16.05.02. I brev herifrå 07.03.07 vart innspelet vist til revisjonen av arealdelen.

Området ligg langt inne på åsen, og tilknytning til vatn og avløp vil vera kostnadskrevjande. Det vil bli stilt krav om felles avløpsanlegg i området. VA-planen for Aurdalsåsen vil bli lagt til grunn for vurdering av vatn- og avløpsløysing.


**Konklusjon:** Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ev. utbygging kan koma i konflikt med kulturminne. Ev. radonfare må avklarast endeleg ved reguleringsplanprosessen og ev. nødvendige tiltak iverksettast.

**Avbøtande tiltak:** Forholdet til kulturminnet må avklarast ved reguleringsarbeidet.

<b>H12</b>	<b>Område for fritidsbustader</b>	<b>Vestringsbygda, Huldratjednet</b>	<b>Gnr/Bnr: 110/38, 46, 72, 73 m.fl.</b>
<b>Høgde over havet:</b> 975-1040 moh.		<b>Areal:</b> 393 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Uproduktiv skog, jorddekt fastmark, open skrinn fastmark, myr			
<b>Avstand vassdrag:</b> Under 100 meter sør for Haugsjøen (60 m på det smalaste). Uproblematisk i høve til fri ferdsel då det går køyreveg mellom.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> LNF			
<b>Innanfor satsingsområde:</b> Nei			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			Beite



Arealet rundt er LNF-område (i søraust kommunegrensa til Sør-Aurdal)

**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Mykje ope landskap med glissen høgare vegetasjon. Ved ev. utbygging bør eksisterande vegetasjon i stor grad oppretthaldast.
**Avbøtande tiltak:** Avstanden til vassdrag og ev. mulege konsekvensar og tiltak i høve til denne må vurderast i reguleringsplanprosessen. Det må sikrast mulegheit for fri ferdsel langs Skrinda også i sør. For å dempa synsintrykket i uttaksperioden, bør høgare vegetasjon rundt uttaket settast att. Arrondering og reparasjon av sårskadar i terrenget. Det må oppretthaldast eit vegetasjonsbelte til Skrinda på minimum 10-15 meter. Arbeid som kan gje tilslamming av elva skal utførast i tidsrommet 15.06.-15.09.

### **SAMLA VERKNADAR – OMRÅDE FOR RÅSTOFFUTVINNING**

Summen av talet på nye område for råstoffutvinning i planforslaget tek høgde for at det skal vera muleg å henta grus til dei aller fleste utmarksområda i kommunen utan at det må fraktast over veldig lange avstandar samtidig som belastninga på hovudvegnettet med tyngre køyretøy i slike område skal reduserast.

Av dei 8 nye område som er vist som framtidige område for råstoffutvinning har ein etter 2. offentleg ettersyn valt å unnta 6 av dei frå plankravet, men ein krev at det vert utarbeidd ein etterbruksplan for massetaka. I utgangspunktet var berre R2 unnateke plankravet, men det årlege uttaket som er skissert for R1 og R3-R6, og bruken av massane, er såpass beskjedne at ein vurderer det slik at dei heller ikkje kjem inn under kravet om reguleringsplan.

Dersom R1-R6 skal utvidast, eller det blir snakk om kommersiell drift, så vil det bli stilt krav om reguleringsplan.

Ingen av områda for råstoffutvinning ligg i område med potensiell rasfare på [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no).

Potensialet for negative verknadar for naturmangfaldet blir vurdert som liten. Det er ikkje registreringar i naturbasen til DN innanfor avgrensinga av nokon av områda for råstoffutvinning. Avgrensinga av R3 er ikkje i konflikt med INON-området søraust for Stuvelimyran. Aust for R3 går det to elgtrekk medan det vest for R5 er registrert lillagrå raudskivesopp innanfor avgrensinga av naturtypen slåttemark. Nord/nordvest for R7 er det registrert myrfrytle.

Ingen av områda for råstoffutvinning kjem i konflikt med registrerte kulturminne.

Konsekvensvurderinga viser at forslaget om område for råstoffutvinning ikkje fører til tap av dyrka mark. R8 ligg inntil dyrka mark.

## 5. NÆRINGSOMRÅDE

Kommunen har motteke 18 innspel om område for næringsutvikling. Nokre av dei gjeld same område. Tre av dei 18 innspela om næringsområde gjeld eksisterande område, og desse er vist med korrekt føremål på plankartet og elles ivareteke. Fem innspel er avvist. Fleire av dei øvrige innspela gjeld same område.

Kommuneplanforslaget viser forslag om 8 nye næringsområde. Fem av områda er vist som kombinerte område for bebyggelse og anleggsmål (E1-E5) fordi ein ønskjer å leggja til rette for ein fleksibel bruk av områda m.o.t. næring, men det skal ikkje opnast for tungindustri i nokon av dei. To område er vist som område for fritids-/turismeføremål (Ft1 og Ft2, jf. foran).

Følgjande innspel om næringsareal er avvist p.g.a. kjent kunnskap om viktige interesser, og ikkje vurdert ytterlegare i konsekvensvurderinga (jf. grunnlagsdokument 5 og kommentarar til merknadar ved 1. offentleg ettersyn):

Gnr/bnr	Kunnskap	Vurdering
<b>Åbjør</b>		
1. Krøssåne -106/39 og 139	Naturinteresser, biologisk mangfald	Store negative konsekvensar
<b>Leira</b>		
2. 85/2	Kulturminneområde, framtidig E16-trasé forbi området er ikkje avklart	”
<b>Vestringsbygda</b>		
3. Skamåne – 106/45	Naturinteresser, biologisk mangfald	”
4. Skamåne – 106/35	Naturinteresser, biologisk mangfald	”
5. Øvstevatnet – 106/13	Naturinteresser, biologisk mangfald	”

### Næringsområde som skal tilbakeførast til LNF

Fire område for næringsutvikling som har lege i kommuneplanen i lang tid utan at det har skjedd noko her, er tekne ut. Ein vurderer dei som lite aktuelle for utbygging lenger. Områda er erstatta med andre og nye område som har meir aktuell lokalisering.

Område	Gnr/bnr	Areal (daa)	Dyrka mark som blir tilbakeført til LNF
Industriområde, Aurdal	95/1	47	0
Ervervsområde, Aurdal	95/1	58	0
Ervervsområde, Svennes sameige	70/1, 79/10	155	0
Ervervsomr. ved Storstøltjednet, Aurdalsåsen	95/1	1	0

E1	Ervervsområde	Leira	Gnr/Bnr: 85/3 og 105
Høgde over havet: 365 - 380 moh.		Areal: 42 daa	
Arealtilstand i dag: I all hovudsak skog av låg bonitet, litt uproduktiv skog sør på eigedomen			
Avstand vassdrag: Ligg mellom fv 51 og veg til Fløafjorden. Sørleg del av eigedom 85/3 ligg nærara Faslefoss/-elva enn 100 m.			

**Gjeldande planføremål:** I kommuneplanen er 85/3 vist som framtidig offentlig område, medan den uregulerte delen av 85/105 er vist som eksisterande bustadområde og framtidig offentlig område. Den nordlege og vestlege delen av 85/105 inngår i reguleringsplan for E16 og fv. 51 Leira, planID 0542R177, godkjent 18.02.2010, og er der vist med vegføremål.

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald		X		Elgbeiteområde, trekkveg for elg
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Ein mindre del av den sørlegaste halvdel av 85/3 inngår i Begna, NaturbaseID BA 00046779 som er eit 37280 daa stort beiteområde for elg. Eigedom 85/3 er delt i to av trekkvegen for elg, Førssyndet, NaturbaseID BA 00046781. Eigedom 85/3 ligg midtvegs på det som er vist som trekkveg.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller

		SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggest til rette for vidare bruk av tilgrensande område til turbruk.
Innverknad på vassdrag	0	Ikkje aktuelt med bygging nærare vassdrag enn 100 meter utifrå oversendte skisse.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Middels solforhold, middels vindutsett, middels snø-/nedbørutsett.
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Trafikkstøy
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. 50 meter til brannforsyning og elforsyning, 4 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Planlagt ny rundkøyring på fv51, tilkomst frå Skulevegen.
Avstand til kollektivtrafikk	0	0.5 km
Universell utforming	0	Det skal leggest vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	Kommunal vassforsyning og avløpsløysing. Nedgravd høgspenning i området.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Trekkvegen for elg er notert registrert i 2000 i naturbasen, sannsynlegvis er dette ei vidareføring av ei registrering frå det tidlegare viltkartet. Situasjonen i området er vesentleg endra sidan 2000, jf. utbygginga vest for fv51 og utbygginga på Førsøddin. I tråd med utviklinga elles sør for E16 på Leira, meiner ein at endringa frå off. føremål til ervervsområde for området er eit riktig steg vidare m.o.t. utviklinga på Leira.

Beiteområdet for elg er notert registrert i 2000 i naturbasen, og sannsynlegvis er dette også ei vidareføring av ei registrering frå det tidlegare viltkartet.


Ein meiner at områda på nedsida av E16 på Leira i hovudsak bør reserverast til ervervsområde.

**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne og kulturlandskap. Området er i konflikt med ein trekkveg for elg, og ligg innanfor eit stort elgbeiteområde. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>E2</b>	<b>Ervervsområde</b>	<b>Leira</b>	<b>Gnr/Bnr: 85/94, 110 og 282</b>
<b>Høgde over havet:</b> 375 moh.		<b>Areal:</b> 5.5 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Utbygd			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 m			
<b>Gjeldande planføremål:</b> Eksisterande bustadområde i reguleringsplan for Leira sentrum, planID 0542R008, godkjent 20.08.1981			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	
Innverknad på vassdrag	0	Ingen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Ikkje dyrka mark.
Landbruk og jordvern	0	

<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Trafikk
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. Brannforsyning ok, elforsyning i området, 4 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Planlagt ny rundkøyring på fv51, tilkomst frå Skulevegen.
Avstand til kollektivtrafikk	0	0.5 km
Universell utforming	0	Det skal leggst vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	Kommunal vassforsyning og avløpsløysing.


**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Tre bustadeigedomar, der ein av dei vert nytta som fritidsbustad, som ligg att sør for E16 på Leira. Område sør for E16 bør reserverast for næringsføremål. Ein føreset at gangvegtraséen i området vert vidareført.

**Konklusjon:** Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ingen avbøtande tiltak nødvendig.

<b>E3</b>	<b>Ervervsområde</b>	<b>Tisleidalen, Bløytjednsagé</b>	<b>Gnr/Bnr: 113/6, 9, 10, 21, 29, 30, 31 og 32</b>
<b>Høgde over havet:</b> 750-760 moh.		<b>Areal:</b> 76 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av middels bonitet, uproduktiv skog, myr, anna areal			
<b>Avstand vassdrag:</b> Delar av området grensar inntil Bløytjednet.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> LNF			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Relativt tett med skog utanfor myrområda. Synleg frå nokre få hyttetomter på austsida av Bløytjednet.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar, men grunneigarar har sjølve kryssa av for at det er kjente kulturminne i området.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Det må leggest til rette for vidare bruk av ev. eksisterande stiar/skiløyper og tilgrensande område til turbruk.
Innverknad på vassdrag	0	Avstanden til vassdrag, og ev. konsekvensar m.o.t. dette, må vurderast i planprosessen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vindutsett, lite snø-/nedbørutsett.

Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining		
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aksomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. Brannforsyning ok, elforsyning ok, 15-20 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande veg til saga.
Universell utforming	0	Det skal leggest vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Det er alt etablert eit næringsområde her. Det vert lagt opp til ei utviding av næringsområdet aust for fv51 (Bløytjednsagé). Landskapet er stadvis relativt ope her, noko som medfører at ev. tiltak vil vera lett synleg frå fv51. Tisleidalen er ei levande grend der det på lik line med andre bygder er behov for næringsareal slik at ein har mulegheit for nyetablering. Nær området er det 2 fritidsbustadar, og desse ligg, når du inkluderer byggeforbudssona på 50 meter langs fv51, 100-150 meter unna næringsområdet. Næringsområdet ligg utanfor området som er definert som satsingsområde for turisme i Tisleidalen.


Ein vurderer situasjonen slik at det er fornuftig å leggja til rette for å utvida det eksisterande næringsområdet her slik at det kan etablerast ein fellesskap. Området ligg nær fv51, noko som gjer at det både vil vera lett å koma til næringsområdet og lett å frakta vekk ev. produkt. Samtidig fungerer fv51 som ein buffer mot dei 2 eksisterande fritidsbustadane på oversida av vegen. Støynivået og transportbehovet til næringsområdet heng saman med kva næringsverksemd ein etablerer. Ein meiner at i ei bygd som Tisleidalen er det riktig å vera relativt open i høve til kva ein tillet i eit næringsområde, utover det at ein ikkje tillet tungindustri.

**Konklusjon:** Overvegande positive faktorar for Tisleidalen som grend. Området er lite konfliktfylt m.o.t. vidare næringsutvikling og vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald.

<b>E4</b>	<b>Ervervsområde</b>	<b>Fagernes, Breiset</b>	<b>Gnr/Bnr: 70/1 og 2</b>
<b>Høgde over havet:</b> 380-410moh.		<b>Areal:</b> 78 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Vatn, skog av låg bonitet, uproduktiv skog, jorddekt fastmark, fulldyrka jord			
<b>Avstand vassdrag:</b> Ein bekk avgrensar området i søraust og ein annan i nordvest. Avstanden til Neselvé er under 25 m på det smalaste, men fv51 ligg mellom byggeområdet og Neselvé.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> LNF-område			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk		X		



*Raud skravur viser område med potensiell rasfare (utløpsområde for snøskred)*

**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Vassførekomstane i området har ingenting å seia for friluftsliv.
Innverknad på vassdrag	0	
Natur- og miljøforhold, klima	0	Mindre gode solforhold, middels vindutsett, middels snø-/nedbørutsett.
Landbruk og jordvern	-1	Eigarane slit med å få nokon til å driva jorda. Området er av det dårlegaste i kommunen landbruksmessig sett, men forslag om byggeområde her er i konflikt med jordvernpolitikken.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Trafikkstøy.
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	-1	Den vestre halvdel av området

		inngår på alunskiferkartet. Den vestre halvdel av området inngår på aktsomheitskartet for steinsprang, utløpsområde. Den nordlegaste og sørlegaste delen av området inngår på aktsomheitskartet for jord- og flaumskredfare. Nesten heile egedomen inngår i utløpsområdet for snøskred. Ingen registrerte skredhendingar i området. Brannforsyning ok, elforsyning ok, 1-2 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Fv51
Avstand til kollektivtrafikk	0	0.5 km
Universell utforming	0	Det skal leggest vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Mesteparten av det som er dyrka mark er relativt skrin morenemark, og nedst blir ho ved flaum oversvømt. Ein mindre del er for bratt til å drivast maskinelt. Berre ca. halvparten av dei 70-80 daa det er snakk om her som er eigna til maskinell landbruksdrift. Det er på ingen måte av dei mest verdifulle jordbruksareala i kommunen. Det viktigast er likevel at heile området er prega av dårlege solforhold, noko som gjer at våren kjem seint, og at hausten er prega av tidleg frost. Det å seia at solforholda ikkje er optimale er i dette tilfellet eit alt for svakt uttrykk.

Breisetområdet er viktig for utviklinga av Fagernes. For kommunen er det viktig å til ei kvar tid ha godkjente og attraktive næringsområde i heile kommunen, og som ledd i den framtidige utviklinga av Fagernes er det viktig å ha næringsareal nær kommunesenteret.

Valdres treng utvikling, og det er i den samanheng heilt avgjerande å ha eit sterkt regionsenter som kan tilby konkurransedyktige og sentrumsnære næringsstomter. For at Fagernes som regionsenter og handelsområde skal kunna utvikla seg så er det stort behov for nye næringsareal. Areal på Breiset er i dag dei einaste aktuelle områda.

Bruk av landbruksareal i Breisetområdet ikkje er i strid med retningslina om at ein skal sikra at landbruksareal ikkje blir unødig nedbygd. Ev. bruk av landbruksarealet her fører ikkje til driftsulemper for landbruket i området. Ingen av dei berørte grunneigarane driv aktiv landbruk, og ein av dei seier sjølv at det er meir rett å seia at dei slit med å få nokon til å villa hausta gras her.

I miljøringsamheng må det vera viktig å leggja vekt på at eit næringsområde her ligg nærare Fagernes enn andre potensielle næringsområde. Kommunen har ei retningsline om at samordna areal- og transportplanlegging skal vektleggast ved val av utbyggingsmønster m.a. for å redusera transportbehov, noko som òg har verknad for energibruk og klimagassutslepp. Det å leggja til rette for ervervsområde her støttar opp om dette.


Ein meiner at dei samfunnsmessige behova, og nytteverdien ved å omdisponera dyrka areal her, er så store at dei bør vega tyngre enn jordverninteressene i området.

**Konklusjon:** Overvegende positive konsekvensar for Nord-Aurdal og Fagernes som tettstad. Området er i konflikt med jordvernet, men ein vurderer samfunnsinteressene til å vera større enn verdiane området har som landbruksområde. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ev. ras-, flaum- og radonfare må avklarast endeleg ved reguleringsplanprosessen.

<b>E5</b>	<b>Ervervsområde</b>	<b>Leira, Lo - Gausåk</b>	<b>Gnr/Bnr: 78/2</b>
<b>Høgde over havet:</b> 365-420 moh.		<b>Areal:</b> 10.5 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> 4 mindre område der område 1 (det nordlegaste og veslegaste omr.) og 2 (det sørlegaste omr.) består av skog av middels bonitet, medan område 3 (det austlegaste omr.) og 4 består av skog av middels bonitet og innmarksbeite.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Gausåkbekken vest for område 1 og 2, område 1 vert avgrensa av bekken i vest, medan område 2 ligg rundt 50 m frå bekken.			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



Raud skravur viser område med potensiell rasfare (utløpsområde for snøskred). Dei tre vestlegaste områda ligg delvis i område med potensiell jord- og flaumskredfare.

**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
------	-----------	---------------------

<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Område 1, 2 og 4 inngår i det 2262 daa store beiteområdet for rådyr, Hovrud, NaturbaseID BA00046761.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar innanfor dei 4 områda. Rett nordaust for område 1 ligg 4 bygningar som er meldepliktige etter § 25 i kulturminneloven.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	+1	Rydding av gamle kjerrevegar og stiar i området.
Innverknad på vassdrag	0	Det må etablerast bru over Gausåkbekken til område 1. Avstanden til vassdrag, og ev. konsekvensar m.o.t. dette, må vurderast i planprosessen.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold sommarstid, sola borte nov.-febr. Lite vind- og nedbørutsett, middels snøutsett.
Landbruk og jordvern	0	Noko beiteland kan bli berørt. Minimalt med grasproduksjon på eigedomen.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	I liten grad.
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	-1	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Heile eller delar av alle 4 områda ligg innanfor utløpsområdet til snøskred. Dei 3 veslegaste områda ligg delvis i område med potensiell jord- og flaumskredfare. Området inngår ikkje på aktsomheitskartet for steinsprang. Det er ingen registrerte skredhendingar i området. Brannforsyning ok (Strøndafjorden 150-200m), elforsyning ok, 10-11 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Avkøyring frå Skarshaugvegen.
Avstand til skule/barnehage	0	10-11 km/6-7km
Avstand til kollektivtrafikk	0	6-7 km
Universell utforming		Det skal leggast vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	Eigen brønn.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Har oversendt aktivitets- og forretningsplan for eigedomen med ei kartskisse som viser 4 område der dei har tenkt etablert ulike aktivitetar/tilbod. Det blir gjort greie for korleis ein ser for seg å bruka

11.09.2014

eigedomen til ulike føremål. I den totale planen inngår at garden får ei levande jordbruksverksemd igjen. Det er behov for ny driftsbygning og opparbeiding av det øvre jordet som er i ferd med å gro att. Det er behov for å føra opp fleire bygg for å kunna realisera planane.

Det er i planprogrammet sagt at det skal leggst til rette for ei vidareutvikling av landbruket i kommunen med dei behov næringa har med tanke på t.d. gardstilknytta næringsverksemd.

**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar av utbygginga. Området er lite konfliktfylt og vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ev. rasfare må avklarast endeleg ved reguleringsplanprosessen.

<b>E6</b>	<b>Ervervsområde</b>	<b>Fagernes, Breiset</b>	<b>Gnr/Bnr: 70/ 2</b>
<b>Høgde over havet:</b> 380-415moh.		<b>Areal:</b> 17.5 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Innmarksbeite, fulldyrka jord, skog av høg bonitet, uproduktiv skog			
<b>Avstand vassdrag:</b> Avstanden til Neselvé er 25-30 m på det smalaste, men fv51 ligg mellom byggeområdet og Neselvé. Inkludert byggeforbudssona langs fv51 er det 75-80 meter frå Neselvé.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> Offentleg område			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk		X		



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
------	-----------	---------------------

<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar. Kulturminneundersøking gjennomført i samband med reguleringsarbeid (Breiset vest).
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Vassførekomstane i området har ingenting å seia for friluftsliv.
Innverknad på vassdrag	0	
Natur- og miljøforhold, klima	0	Mindre gode solforhold, middels vindutsett, middels snø-/nedbørutsett. Flaumfare vurdert i samband med reguleringsarbeid (Breiset vest), vist på temakart.
Landbruk og jordvern	0	Eigarane slit med å få nokon til å driva jorda. Området er av det dårlegaste i kommunen landbruksmessig sett, men forslag om byggeområde her er i konflikt med jordvernpolitikken.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Trafikkstøy.
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	-1	Den vestre halvdel av området inngår på alunskiferkartet. Over halvdel av området inngår på aktsomheitskartet for steinsprang, utløpsområde. Heile eigedomen inngår i utløpsområdet for snøskred. Store delar av området inngår på aktsomheitskartet for jord- og flaumskredfare. Ingen registrerte skredhendingar i området. Brannforsyning ok, elforsyning ok, 1-2 km til legevakt. Rasfare vurdert i samband med reguleringsarbeid (Breiset vest).
Tilkomstløysing	0	Fv51
Avstand til kollektivtrafikk	0	0.5 km
Universell utforming	0	Det skal leggast vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Området vart frigitt til offentleg føremål, etablering av ny brannstasjon, etter mekling og seinare avgjerd av Miljøverndepartementet i 2010. Det er ikkje lenger aktuelt å leggja ny brannstasjon i området.

11.09.2014

Kommuneplan viser no heller forslag til næringsområde på eigedomen, i tråd med forslaget lenger nord på eigedomen og på eigedom 70/1 (E4). Byggeområde B4 og B6 ligg inneklemt mellom eksisterande næringsområde på både nord-, sør- og austsida.

Mesteparten av det som er dyrka mark på 70/2 er relativt skrinne morenemark, og nedst kan ho ved flaum bli oversvømt. Ein mindre del er for bratt til å drivast maskinelt. Det er på ingen måte noko av det mest verdifulle jordbruksarealet i kommunen. Det viktigast er likevel at heile området er prega av dårlege solforhold, noko som gjer at våren kjem seint, og at hausten er prega av tidleg frost. Det å seia at solforholda ikkje er optimale er i dette tilfellet eit alt for svakt uttrykk.

Breisetområdet er viktig for utviklinga av Fagernes. For kommunen er det viktig å til ei kvar tid ha godkjente og attraktive næringsområde i heile kommunen, og som ledd i den framtidige utviklinga av Fagernes er det viktig å ha næringsareal nær kommunesenteret.

Valdres treng utvikling, og det er i den samanheng heilt avgjerande å ha eit sterkt regionsenter som kan tilby konkurransedyktige og sentrumsnære næringsstomter. For at Fagernes som regionsenter og handelsområde skal kunna utvikla seg så er det stort behov for nye næringsareal. Areala på Breiset er i dag dei einaste aktuelle områda.

Bruk av landbruksareal i Breisetområdet er i strid med retningslina om at ein skal sikra at landbruksareal ikkje blir unødig nedbygd. Ev. bruk av landbruksarealet her fører ikkje til driftsulemper for landbruket i området. Grunneigar driv ikkje aktiv landbruk, og slit med å få nokon til å villa hausta gras her.

I miljøsamanheng må det vera viktig å leggja vekt på at eit næringsområde her ligg nærare Fagernes enn andre potensielle næringsområde. Kommunen har ei retningsline om at samordna areal- og transportplanlegging skal vektleggast ved val av utbyggingsmønster m.a. for å redusera transportbehov, noko som òg har verknad for energibruk og klimagassutslepp. Det å leggja til rette for ervervsområde her støttar opp om dette.

Ein meiner at dei samfunnsmessige behova, og nytteverdien ved å omdisponera dyrka areal her, er så store at dei bør vega tyngre enn jordverninteressene i området.

**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar for Nord-Aurdal og Fagernes som tettstad. Området er i konflikt med jordvernet, men ein vurderer samfunnsinteressene til å vera større enn verdiane området har som landbruksområde. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ras- og flaumfare avklart, ev. radonfare må avklarast endeleg ved reguleringsplanprosessen.

### **SAMLA VERKNADAR – NÆRINGSOMRÅDE**

Kommuneplanforslaget legg til rette for 6 nye næringsområde der E4 og E6 bør sjåast i samanheng, og er viktig og avgjerande for den vidare utviklinga av regionsenteret Fagernes. Alle større nyetableringar dei seinare åra har skjedd på Leira, og kjem framleis til å skje på Leira, så lenge det ikkje er store nok næringsareal å tilby i regionsenteret. Handelstyngdepunktet er i ferd med å flytta/har blitt flytta til Leira p.g.a. denne situasjonen. Kommuneplanen har ei retningsline som seier at Leira sentrum utfyller Fagernes som regional handelssenter.

*11.09.2014*

I eit av dei to nye næringsområda på Leira ligg det tre bustadhus. Kommuneplanen viser kva ein meiner er det mest riktige føremålet i framtida her sett utifrå heilskapssituasjonen i området.

Område E4-E6 ligg i område med potensiell rasfare på [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no). Rasfaren er kartlagt i område E6.

Område E6 ligg i område med kartlagt flaumfare.

Ingen av dei nye næringsområda kjem i konflikt med registrerte kulturminne. Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar innanfor dei E1-E6. Rett nordaust for område 1 i byggeområde E5 ligg 4 bygningar som er meldepliktige etter § 25 i kulturminneloven.

Konsekvensvurderinga viser at forslaget om næringsområde E4 og E6 vil føra til tap av 64.5 daa dyrka mark.

Det er ikkje registreringar i naturbasen til DN innanfor avgrensinga av E2-E4 og E6. Område 1, 2 og 4 i næringsområde E5 inngår det 2262 daa store beiteområdet for rådyr, Hovrud, NaturbaseID BA00046761.


Ein mindre del av den sørlegaste halvdelen av E1 inngår i Begna, NaturbaseID BA 00046779 som er eit 37280 daa stort beiteområde for elg. Området er delt i to av trekkvegen for elg, Førssyndet, NaturbaseID BA 00046781. E1 ligg midtvegs på trekkvegen.

## 6. OMRÅDE FOR IDRETTSANLEGG

<b>II</b>	<b>Idrettsanlegg</b>	<b>Aurdal, Pøllaøye</b>	<b>Gnr/Bnr: 112/11</b>
<b>Høgde over havet:</b> 310 moh.		<b>Areal:</b> 52 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av høg bonitet (128daa) og middels bonitet (4daa)			
<b>Avstand vassdrag:</b> Halvøy, delar av arealet ligg i 100 metersbeltet.			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF-område			

### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og – landskap	X			
Landbruk	X			




### Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Ein del av halvøya må avskogast.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Inngår i elgbeiteområdet Begna, NaturbaseID BA00046779.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Området er brukt til friluftsliv, og det må leggest til rette for at folk kan bruka området både når det er aktivitet på modellflybana og elles.
Innverknad på vassdrag		Fri ferdsel langs vassdrag må sikrast.

Natur- og miljøforhold, klima	0	Middels solforhold, middels vind- og nedbørutsett. Lite snø.
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Bilcrossbane, masseuttak og skytebane i nærområdet. Krav om støyvurdering før etablering av ev. modellflybane.
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aktsomheitskartet for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskred, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. Brannforsyning ok, elforsyning ok, 10-15 km til legevakt. Flaumfare.
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande veg.
Universell utforming	0	Det skal leggast vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	Bør sjå på fellesløysing for parkering med skytebana, og felles bruk av bygningar.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Forslag om å bruka delar av Pøllaøyé til modellflystripe, parkering og brakker for lagring av utstyr. Modellflybana åleine treng eit areal tilsvarande 25x250 m. Blir bana etablert som skissert under, så er det 150 m til vassdraget på begge sider i lengderetninga. Det har i mange år lege ei skytebana sør/sørvest for området. Samarbeid i høve til parkering og ev. anna mellom skytebana og ev. modellflybane må vurderast.



Pøllaøyé er viktig i rekreasjonssamanheng, men ein vurderer situasjonen slik at det uansett vil ligga att såpass store areal kring modellflybana at Pøllaøyé framleis kan brukast relativt utforstyrtra som friluftsområde. Det også sett i høve til det faktum at det alt er ein del aktivitet

i nærområdet til Pøllaøyé. Modellflybana vil ikkje vera i konstant bruk, det er heller ikkje skytebana som ligg i nærområdet eller motorcrossbana. Bruk av både skytebana, modellflybana og motorcrossbana vil tidvis generera støy som kan høyrast eit stykke unna. Tidspunkt for aktivitet i slike område er som regel godt kjent og offentleggjort. Ein vurderer situasjonen slik at det bør vera muleg å få til ei gjensidige tilpassing til og forståing for aktivitetar frå dei ulike brukarane av Pøllaøyé og nærliggande område.

Området er vesentleg redusert sidan 1. offentlig ettersyn. Ytterlegare detaljar kring utforminga av modellflystripa skal vurderast grundigare ved detaljplanlegginga der også areal til grønstruktur langs vassdraget skal visast, og allment tilgjenge til Pøllaøyé sikrast.

Trekkvegen for elg er notert registrert i 2000 i naturbasen, sannsynlegvis er dette ei vidareføring av ei registrering frå det tidlegare viltkartet.

**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar av utbygginga. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Støyvurderingar må gjennomførast, og ev. tiltak vurderast og gå fram av støyvurderinga. Fri ferdsel til heile Pøllaøyé må sikrast i reguleringsplanen. Det skal settast att ei grøntstruktursone langs vassdraget.

<b>I2</b>	<b>Idrettsanlegg</b>	<b>Fagernes, Blåbærmyré</b>	<b>Gnr/Bnr 18/15 og 25/260</b>
<b>Høgde over havet:</b> 380 - 400 moh.		<b>Areal:</b> 5 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Skog av høg og låg bonitet			
<b>Avstand vassdrag:</b> 30-40 meter på det smalaste til Neselva.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> 25/260 er regulert til parkering i reguleringsplan for Blåbærmyré, PlanID 0542R017, godkjent 21.11.83. Ein mindre del av 18/15, rundt 25/260, er regulert til friområde i same plan. Resterande areal på 18/15 er LNF-område.			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**


Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	
Innverknad på vassdrag	0	Skrautvålsvegen ligg i mellom byggeområde og Neselvé.
Natur- og miljøforhold, klima	0	
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark.
Helse og trivsel	+1	Viktig
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Ligg delvis i gul sone på støyvarselkartet (jf. kartutsnitt).
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	-1	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Den nordaustre halvdel av området inngår på aktsomheitskartet for snøskred, utløpsområde (jf. kartutsnitt). Området inngår ikkje på aktsomheitskarta for steinsprang eller jord- og flaumskredfare. Det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. Brannforsyning ok, elforsyning ok, 1-2 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Eksisterande tilkomst til Blåbærmyré.
Avstand til skule/barnehage	0	1-2 km
Avstand til kollektivtrafikk	0	0.5 km
Universell utforming	0	Det skal leggast vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	Kommunal vassforsyning og avløpslysing.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Forslag om å bruka delar av parkeringsplassen, og av delar eigedom 18/15 rundt parkeringsplassen på Blåbærmyré til eit nytt treningsfelt for fotball. Kan bruka eksisterande garderobe og toalett i tilknyting til anlegget på Blåbærmyré.

**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar av utbygginga. Området er lite konfliktfylt og vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Ev. rasfare må avklarast endeleg ved reguleringsplanprosessen.

**I3 – Snippen, Aurdalsåsen, 94/4.**

I gjeldande kommunedelplan for Aurdalsåsen er området vist som byggeområde for fritidsbustadar.



<b>I4</b>	<b>Idrettsanlegg</b>	<b>Aurdal, Bråten</b>	<b>Gnr/Bnr: 95/13</b>
<b>Høgde over havet:</b> 635-670 moh.		<b>Areal:</b> 35 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> 23-24 daa dyrka mark, resten skog av middels bonitet			
<b>Avstand vassdrag:</b> Bekk i den nordvestlegaste grensa			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF-område			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og – landskap		X		2/3 av arealet er dyrka mark
Landbruk			X	2/3 av arealet er dyrka mark



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne. Tre kjente SEFRAK-registrerte bygningar der eit av dei er meldepliktig, jf. § 25 i kulturminnelova.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Ikkje eksisterande stiar og skiløyper på eigedomen.
Innverknad på vassdrag	0	Bekk i nordvest
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vind- og nedbørutsett. Lite snø.
Landbruk og jordvern	-1	2/3 av arealet er dyrka mark.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Ligg delvis i gul sone på støyvarselkartet (jf. kartutsnitt).
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aktsomheitskart for steinsprang eller snøskred, og det er ingen registrerte skredhendingar i området. Ein mindre del i nordvestre hjørnet sør for vegen ligg i område med potensiell jord- og flaumskredfare. Brannforsyning ok, elforsyning ok, 15 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande veg.
Universell utforming	0	Det skal leggast vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Forslag om å bruka arealet på austsida av Danebuvegen til nytt botnpunkt for heisen i Valdres alpinsenter med tanke på etablering av stolheis. Arealet på vestsida av Danebuvegen er tenkt nytta til parkering i terrassar. Arealet som ligg inntil eigedomen på nordsida er avsett til alpinføremål.

Eigedomen vert utifrå storleiken og inntekspotensialet vurdert til å vera mindre viktig som landbrukseigedom sett i høve til dei næringsmessige interessene som knyter seg til ei framtidig utviding og vidare drift av Valdres alpinsenter. Alpinsenteret har vore ein viktig faktor i høve til satsinga til kommunen på turisme, og vil også i framtida vera ein viktig faktor for den vidare satsinga på turisme.

**Alternativ vurdering:**

Alternativet til å forlenga heistraséen i området der han alt ligg er å bruka "Snippen", dvs. område I3 til utgangspunkt for ny heistrasé, men det vil medføra vesentleg større kostnader med etablering både i form av nye løypetraséar og heistrasé samtidig som det vil koma i konflikt med kulturminneområde, omsynssone 570\_4. Ein vurderer det slik at det å bruka eigedom 95/13 og eksisterande heistrasé og løypetraséar er det mest fornuftige av desse to alternativa.

**Konklusjon:** Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med biologisk mangfald og viktig kulturlandskap. Området er i konflikt med dyrka mark. Området er i konflikt med SEFRAK-registrert bygget som er meldepliktig, jf. § 25 i kulturminnelova.

**Avbøtande tiltak:** Ev. tiltak her vil/treng ikkje koma i konflikt med det registrerte bygget.

<b>15</b>	<b>Idrettsanlegg</b>	<b>Leira, storhall</b>	<b>Gnr/Bnr: 85/70, 170 og 233</b>
<b>Høgde over havet:</b> 335-385 moh.		<b>Areal:</b> 8 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Mest skog av låg bonitet, men også skog av både høg og middels bonitet			
<b>Avstand vassdrag:</b> Bekk innanfor avgrensinga av området			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF-område og offentleg føremål (9 daa)			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald		X		Elgbeiteområde, trekkveg for elg
Grønstruktur og friluftsliv		X		Eksisterande stiar
Kulturminne, -miljø og – landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	-1	Delar av 85/70 inngår i Begna, NaturbaseID BA 00046779 som er eit 37280 daa stort beiteområde for elg. Nærast Fløafjorden på eigedom 85/2 og 70 går det ein trekkveg for elg, Førssyndet, NaturbaseID BA 00046781.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne. Ingen SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	1	Arealet på sørsida av Fløafjordvegen er eit viktig friluftsliv- og kulturminneområde. Tilrettelegging for bruk av området også på nordsida m.o.t. rekreasjon vil styrka området ytterlegare som viktig nærfriluftsområde for Leira. Heile området vil også i ein større samanheng bli eit viktig friluftslivsområde. Eksisterande stiar innanfor området.
Innverknad på vassdrag	0	Bekk innanfor området.
Natur- og miljøforhold, klima	0	Gode solforhold, lite vind- og nedbørutsett. Lite snø.
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Nesten heile eigedom 85/170 ligg i gul sone på støyvarselkartet, i tillegg ein liten del av 85/70.
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aktsomheitskart for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. Brannforsyning ok, elforsyning ok, 4 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Bruk av eksisterande veg.
Universell utforming	0	Det skal leggast vekt på universell utforming ved opparbeiding og tilrettelegging av området.
Infrastruktur	0	Gang- og sykkelveg i området Etablert rundkøyring for busser ved Leira Skule. Ny rundkøyring i krysset til fv51. Høgspenning nedgravd.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Trekkvegen for elg er notert registrert i 2000 i naturbasen, sannsynlegvis er dette ei vidareføring av ei registrering frå det tidlegare viltkartet. Situasjonen i området er vesentleg endra sidan 2000, jf. utbygginga vest for fv51 og utbygginga på Førsøddin. I tråd med utviklinga elles sør for E16 på Leira, meiner ein at endringa frå off. føremål til ervervsområde for området er eit riktig steg vidare m.o.t. utviklinga på Leira.

Beiteområdet for elg er notert registrert i 2000 i naturbasen, og sannsynlegvis er dette også ei vidareføring av ei registrering frå det tidlegare viltkartet.

**Konklusjon:** Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne og kulturlandskap. Området er i konflikt med ein trekkveg for elg, og ligg innanfor eit stort elgbeiteområde.

### **SAMLA VERKNADAR – OMRÅDE FOR IDRETTSANLEGG**

Tre av dei fem nye områda for idrettsanlegg er knytt til muleg framtidig vidareutvikling av eksisterande anlegg (Valdres alpinsenter og Blåbærmyre). Eit er knytt til utviding av området der den nye storhallen er under planlegging og etableringa på Leira. Området på Pøllaøye for etablering av modellflybane er nytt.

Delar av område I2 ligg i område med potensiell rasfare, jf. [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no).

Både I1 ved Pøllaøye og I5 på Leira inngår 37280 daa store beiteområde for elg, Begna, NaturbaseID BA 00046779. I område I5 nærast Fløafjorden, eigedom 85/70, går det ein trekkveg for elg, Førssyndet, NaturbaseID BA 00046781.

Både trekkvegen for elg og beiteområdet for elg er notert registrert i 2000 i naturbasen, sannsynlegvis er dette ei vidareføring av ei registrering frå det tidlegare viltkartet. Situasjonen i området er vesentleg endra sidan 2000, jf. utbygginga vest for fv51 og utbygginga på Førsøddin. Potensialet for negative verknadar for naturmangfaldet blir utifrå/utover dette vurdert som liten.

Ingen av områda for råstoffutvinning kjem i konflikt med kjente freda kulturminne. Tre kjente SEFRAK-registrerte bygningar i område I4 der eit av dei er meldepliktig, jf. § 25 i kulturminnelova.


Konsekvensvurderinga viser at forslaget om område for råstoffutvinning fører til tap av 23-24 daa dyrka mark i område I4.

## 7. ANDRE TYPAR ANLEGG

<b>Afn2-4</b>	<b>Andre bygg, fiskebuer</b>	<b>Fullsenn, Skrautvål sameige</b>	<b>Gnr/Bnr: 9002/1</b>
<b>Høgde over havet:</b> 905-910 moh.		<b>Areal:</b> Afn2 - 128 daa (sør), Afn 3 - 43 daa (vest), Afn4 - 59 daa (nord)	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Uproduktiv skog.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Ligg i vasskanten.			
<b>Gjeldande planføre mål:</b> LNF-område			

### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald		X		Yngleområde
Grønstruktur og friluftsliv		X		
Kulturminne, -miljø og – landskap	X			
Landbruk	X			



### Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Ope landskap rundt, ligg i vasskanten, vil bli synleg, men god utforming og tilpassing til landskapet vil kunna dempa synsinntrykka.

Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Inngår i området Fullsenn, NaturbaseID BA00046835, yngleområde for sjøorre, storlom og svartand.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	-1	Fiskebuene blir samla på tre utvalde plassar. Det skal ikkje leggst fiskebuer i område som er godt eigna for friluftsliv, t.d. badeplassar og stangfiske.
Innverknad på vassdrag	0	Ligg heilt i vasskanten.
Natur- og miljøforhold, klima	0	
Landbruk og jordvern	0	Ikkje dyrka mark.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Ikkje kjent.
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Områda ligg ikkje i område med alunskifer. Områda inngår verken på aktsomheitskart for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i områda. Brannvatn ok.
Tilkomstløysing	0	Eksisterande stisystem til området skal brukast.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Sameigarane i Skrautvål sameige har ifølgje ei jordskiftesak rett til å setta opp kvar si fiskebu ved til saman 6 ulike vatn i sameiget. Retningslinene for oppføring av fiskebuer i Skrautvål sameige opnar for etablering av 1, 2 el. 3 bygningar per sameigar; bu, naust el. felles naust og do eller felles do.

Det er alt mange naust og fritidsbustadar langs/nær vatnet og elles i området og presset på å bygga køyreveg hit, har ikkje vore spesielt stor. Transport av byggemateriale til området kan skje på fleire andre måtar. Etablering av fiskebu med naust vil medføra at ein får eit auka behov for å få frakta byggemateriale til området, men det betyr ikkje at det er nødvendig å bygga køyreveg til området. Retningsline 1 om utforming/-arbeiding av reguleringsplanar gir klare føringar om at ”Eksisterande veg/stiar skal brukast for tilkomst. Det er ikkje lov å etablere nye vegar til områda”.

Etableringa av fiskebuer med naust vil ikkje medføra at avstanden til INON-området vert redusert. I INON-området ligg det per d.d. fleire fiskebuer/naust.

Ein meiner det er viktig å stimulera til at utmarksressursane som finst i kommunen blir brukt, og at det blir lett tilgang til dei for rettshavarane. Det blir for mykje fisk i vatna, fisken blir liten og lite attraktiv dersom ikkje det blir fiska nok i eit vatn. Dette igjen gjer vatna mindre attraktive og forsterkar problemet. Sporadisk fritidsfiske med stang løyser ikkje problema i eit vatn med for mykje fisk. Dersom rettshavarane skal få utnytta ressursane tilfredsstillande, må det leggst til rette for løysingar som kan medføra auka utnytting av ressursane dei disponerer.

Kommuneplanen viser derfor 3 område der det kan byggast fiskebuer ved Fullsenn. Det er til dels nokså vått rundt Fullsenn, og mulegheita for kor du faktisk kan legga bygningar i dei tre område er avgrensa, men dette vil ein avklara nærare ved reguleringsarbeidet.

Inngrep i utmarksområda bør samlast. Byggeområda ligg ikkje i eit verneområde. Det kan vera ulike oppfatningar av kva som gir mest uheldige landskapsverknadar. Om det er båtar som er plassert vilkårleg på land med baugen i vêret rundt heile vatnet, eller om det er ei konsentrert fiskebu-/naustrekke er diskutabelt. Ei fiskebu/naust har den fordel at du både vinter og sommar trygt kan oppbevare alt utstyr du treng for å fiska.


**Konklusjon:** Områda vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne og kulturlandskap. Områda inngår i eit større yngleområde ved Fullsenn for sjøorre, storlom og svartand. Både tilrettelegging for fiskebuer og naust vil kunna verka privatiserande avhengig av utforminga og opparbeidinga av området.

**Avbøtande tiltak:** Reguleringsplanane/-planen for områda må fokusera på og ta vare på allmenn tilgjenge til strandsona. Nye vegar skal ikkje etablerast. Det skal ikkje leggst fiskebuer i område som er godt eigna for friluftsliv, t.d. badeplassar og stangfiske.

<b>An2</b>	<b>Andre bygg, naust</b>	<b>Naustedokké, Ulnes sam.</b>	<b>Gnr/Bnr: 9002/2</b>
<b>Høgde over havet:</b> 820 moh.		<b>Areal:</b> 1.5 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Hovudsakleg jorddekt fastmark, litt uproduktiv skog			
<b>Avstand vassdrag:</b> Ligg i vasskanten.			
<b>Gjeldande planføremaal:</b> LNF-område			

#### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Ope landskap rundt, ligg i vasskanten, vil bli synleg, men god utforming og tilpassing til landskapet vil kunna dempa synsintrykka.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	-1	Ligg heilt i vasskanten, men nausta blir samla på ein plass.
Innverknad på vassdrag	0	
Natur- og miljøforhold, klima	0	
Landbruk og jordvern	0	
Helse og trivsel	0	
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aktsomheitskart for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. Brannvatn ok.
Tilkomstløyising	0	Frå eksisterande veg.
Infrastruktur	0	

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Inngrep i utmarksområda bør samlast. Det er riktig å leggja til rette for eit samla område for naust framfor at ein legg til rette for spreidd naustutbygging vilkårlig i sameiget. Kommunen meiner det er det viktig å stimulera til auka bruk av utmarksressursane som finst i kommunen, og at det blir lett tilgang til dei for rettshavarane både til eige bruk og for ev. utleige.

Ved Naustedokké er det alt bygd ein del fiskebuer, og det er vegtilkomst til området. Tisleifjorden er eit vatn med til dels store inngrep. Vatnet er regulert og det er stor skilnad på HRV og LRV. Det vera ein lemplegare haldning til tilrettelegging for naust i eit område med slike vesentlege inngrep, og særleg når nausta blir samla i ein del av Tisleifjorden der det tidlegare er opna for utbygging av fiskebuer.


**Konklusjon:** Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald.

**Avbøtande tiltak:** Reguleringsplanen for området må fokusera på og ta vare på allmenn tilgjenge til strandsona. Nye vegar skal ikkje etablerast.

<b>Ab1</b>	<b>Andre bygg, bioenergianlegg</b>	<b>Aurdal</b>	<b>Gnr/Bnr: 95/31</b>
<b>Høgde over havet:</b> 425 - 440 moh.		<b>Areal:</b> 2 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Fulldyrka mark og skog av middels bonitet, uproduktiv skog, veg.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> I reguleringsplan for Aurdal vest - Fjelltun er 0.5 daa offentleg føremål, jf. PlanID 0542R016, godkjent 24.10.83, resten er bustadområde i kpl			

### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



### Kjent kunnskap:

#### Miljø:

Lokalitet 80872 i Askeladden ligg på naboeigedomen 95/250, 30m NV for det vestre hushjørnet på 95/31 (funnstad for jernkniv C29815). Vernestatus uavklart. Ingen kjente SEFRAK-registrerte bygningar.

Ingen registreringar i naturbasen til DN.

#### Samfunn:

Området inngår ikkje i alunskiferområda i kommunen.

Inngår verken på aktsomheitskartet for snøskred, steinsprang eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen tidlegare registrerte snøskred eller steinsprang i området.

Lett tilgang til eksisterande veg. Kommunale VA-leidningar i området.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Driv og prosjekterer eit bioenergianlegg som kan levera varmt vatn som ein kan bruka til å varma opp bygningar med. Har som intensjon å levera både til aldersheim, skule/ny barnehage, kyrkje, DPS og Aurdalsklinikken og lokaliseringa ligg sentralt i høve til dette. Det vil bli behov for tilkøyring av energiverke til anlegget, men ein vurderer omfanget av dette, utifrå sannsynleg storleik på anlegget, som minimalt og at det vil ha lite å seia for bruken av Middelskulevegen og for dei

eksisterande bygningane i området. Ved å konsentrera tilkøyring til utvalde dagar og tidspunkt i veka vil ein dessutan kunna redusera ev. konflikhtar.

Planprogrammet har ei retningsline som seier at målet er redusert bruk av elektrisitet til oppvarming og meir bruk av fleksible energikjelder.

**Konklusjon:** Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald. Auka belastning på Middelskulevegen. Overvegande positive konsekvensar utover dette, ingen avbøtande tiltak nødvendig.

## **SAMLA VERKNADAR – ANDRE TYPAR ANLEGG**

Ingen av områda ligg i område med potensiell rasfare på [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no).

Ingen av dei nye områda for andre bygg kjem i konflikt med registrerte kulturminne.

Konsekvensvurderinga viser at forslaget om område for andre bygg ikkje vil føra til tap av dyrka mark.

Afn2, Afn3, Afn4 inngår i området Fullsenn, NaturbaseID BA00046835, yngleområde for sjøorre, storlom og svartand. Det er ikkje andre registreringar i naturbasen til DN innanfor avgrensinga av område for andre bygg. Det ligg fiskebuer og naust i ytterkantane av alle tre område for fiskebuer med naust, og avstanden til INON-områda vert ikkje redusert. Områda ligg i tillegg lokalisert innimellom eksisterande naust og fiskebuer.

Afn2, Afn3, Afn4 og An2 ligg i strandsona med potensiell flaumfare og mulegheit for privatisering. Fiskebuer og naust har ikkje ein slik bruk, og naust heller ikkje bruksfrekvens, at den frie ferdsla langs vassdrag skal vera ivareteke tilstrekkeleg.

## **8. OMRÅDE FOR GRAV- OG URNELUND**

Eit offentleg område som har lege i kommuneplanen i lang tid utan at det har skjedd noko, er teke ut. Ein vurderer det som lite aktuelt for utbygging lenger. Området er erstatta med andre og nye område som har meir aktuell lokalisering.

Område som skal tilbakeførast til LNF

Område	Gnr/bnr	Areal (daa)	Dyrka mark som blir tilbakeført til LNF
Off.område ved Sorenskrivargarden, Aurdal	96/96	14	11

Gu1	Grav- og urnelund	Aurdal, Lykkja	Gnr/Bnr: 96/4
<b>Høgde over havet:</b> 446 - 450 moh.		<b>Areal:</b> 6 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Fulldyrka mark.			
<b>Avstand vassdrag:</b> Over 100 meter.			
<b>Gjeldande planføremål:</b> I reguleringsplan for Aurdal vest - Fjelltun er 4.5 daa regulert til jordbruksområde, 1 daa til allmennyttig føremål og 0.5 daa til vegføremål, jf. PlanID 0542R016, godkjent 24.10.83.			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk		X		Delar av området er dyrka mark.



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	
Innverknad på vassdrag	0	
Natur- og miljøforhold, klima	0	
Landbruk og jordvern	-1	Delvis dyrka mark, men landbruksarealet i kommunen vert ikkje redusert, jf. kommentarar under.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	-1	Trafikkstøy, delar ligg i gul sone på støyvarselkartet (jf. kartutsnitt).
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aktsomheitskart for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. Brann- og elforsyning ok, 12 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Frå eksisterande veg.
Avstand til kollektivtrafikk	0	0.2 km
Universell utforming	0	Krav til utforming av området for å ivareta universell utforming av det, må nedfellast i reguleringsplan for området.
Infrastruktur	0	Kommunal vassforsyning og avløpsløysing.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Ein føreslår å tilbakeføra 11 daa dyrka mark (eigedom 96/96), som er vist som framtidig offentleg føremål, i tilknytning til Sorenkrivargarden i Aurdal i bytte mot eigedom 96/4. Eigedom 96/4 ligg meir føremålstenleg til og er betre eigna til grav- og urnelund.

Ein meiner at eigedom 96/4, Lykkja, på 6 daa heller bør reserverast til ny kyrkjegard i Aurdal. Landbruksmessig sett er ikkje arealet viktig for grunneigar som stiller seg positiv til føremålet.

Lykkja er med plasseringa det mest føremålstenlege området for utviding av kyrkjegarden i Aurdal. Ein vurderer løysinga som er skissert som den mest føremålstenlege for alle partar. Ein vurderer forslaget om lokaliseringa av ny kyrkjegard som godt eigna, og forslaget er dessutan i samsvar med ønskja til soknerådet som er og representerer brukarane av kyrkja.

Det er i tillegg viktig å ha fokus på at kyrkjegarden skal brukast i og tilpassast dagens samfunn.

Fjerngravplassar vurderer ein som lite aktuelt og realistisk å få forståing for på stader med rikeleg arealtilgang kring kyrkjebygga. Tida er ikkje moden for denne debatten, det er ho sannsynlegvis ikkje før den dagen det ikkje er att areal nær kyrkjene i kommunen. Ein er av den klare oppfatning at ein ikkje bør pressa fram løysingar som folk ikkje ønskjer kring eit tema som dette.

Lokaliseringa av den nye kyrkjegarden må vurderast i lys av ei heilskapleg miljøvurdering, der den freda kyrkjegarden nord for vegen og kyrkjelydshuset legg føringar for kva som kan akseptierast av utbygging. Utforming skal skje i samspel med utforminga av dagens kyrkjegard både m.o.t. omfang og plassering.

Reguleringsplanen må utformast i tett dialog med Riksantikvaren slik at kyrkjegarden vert utforma på ein måte som tek best muleg omsyn til den automatisk freda kyrkjestaden og verknadane denne visuelt sett har i bygda.

Området som er føreslått til ny kyrkjegard er skilt frå det freda kulturminnet (kyrkja) med Middelskulevegen og kyrkjelydshuset i bygda. Dette verkar som ein buffer mot det freda kulturminnet og dempar ev. skjemmaende inntrykk som opparbeidinga av ny kyrkjegard kunne tenkast å ha på kulturminnet..

**Konklusjon:** Det er behov for å utvida kyrkjegarden i Aurdal. Området er i konflikt med jordvernet. Området kjem ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne, men tiltaket kan likevel ha innverknad på kulturminne, –miljø og –landskap, og dette må vurderast ved reguleringa. Utover dette overvegande positive konsekvensar. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med biologisk mangfald.

<b>Gu2</b>	<b>Grav- og urnelund</b>	<b>Ulnes nedre</b>	<b>Gnr/Bnr: 41/5</b>
<b>Høgde over havet:</b> 362 - 367 moh.		<b>Areal:</b> 2.5 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Fulldyrka mark.			
<b>Avstand vassdrag:</b> 35-40 m på det smalaste			
<b>Gjeldande planføremaal:</b> LNF			

**Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:**

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk		X		Dyrka mark



**Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:**

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	
Innverknad på vassdrag	0	Heile den gamle kyrkjegarden og Ulneskyrkja ligg i 100 metersbeltet til Strøndafjorden. Det er 13-15 m høgdeskilnad frå kyrkjegardsmuren og ned til vatnet. Alt arealet som ligg inntil kyrkja/kyrkjegarden er dyrka mark, med unntak av til saman 1.5 daa til to gardstun.
Natur- og miljøforhold, klima	0	
Landbruk og jordvern	-1	Delvis dyrka mark, men landbruksarealet i kommunen vert ikkje redusert, jf. kommentarar under.
Helse og trivsel	0	
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	Ikkje kjent.
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aktsomheitskart for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskredfare, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. Brannforsyning og elforsyning ok, 8-9 km til legevakt.
Tilkomstløysing	0	Frå eksisterande veg/parkeringsplass.
Avstand til kollektivtrafikk	0	0.2 km

Universell utforming	0	Krav til utforming av området for å ivareta universell utforming av det, må nedfellast i reguleringsplan for området.
Infrastruktur	0	

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Ein meiner 3 daa av eigeidom 41/5 sør for eksisterande kyrkjegard bør reserverast til ny kyrkjegard i Ulnes. Landbruksmessig sett er ikkje arealet viktig for grunneigar som stiller seg positiv til føremålet. Som kompensasjon vert meir enn tilsvarende areal av eigeidom 96/96 tilbakeført til LNF-område frå offentleg føremål (jf. konsekvensvurdering for Gu1).

Gu2 er med plasseringa det mest føremålstenlege området for utviding av kyrkjegarden i Ulnes. Ein vurderer løysinga som er skissert som den mest føremålstenlege for alle partar.

Fjerngravplassar vurderer ein som lite aktuelt og realistisk å få forståing for på stader med rikeleg arealtilgang kring kyrkjebygga. Tida er ikkje moden for denne debatten, det er ho sannsynlegvis ikkje før den dagen det ikkje er att areal nær kyrkjene i kommunen. Ein er av den klare oppfatning at ein ikkje bør pressa fram løysingar som folk ikkje ønskjer kring eit tema som dette.

Lokaliseringa av den nye kyrkjegarden må vurderast i lys av ei heilskapleg miljøvurdering, der den freda kyrkjegarden legg føringar for kva som kan aksepterast av utbygging. Utforming skal skje i samspel med utforminga av dagens kyrkjegard både m.o.t. omfang og plassering.

Ulneskyrkja har ei framtrekande plassering i bygda på ein markert haug og framstår som eit landemerke. Den nye kyrkjegarden er føreslått lagt på sørsida av kyrkja og eksisterande kyrkjegardar (kyrkjegarden er alt utvida austover). Ein vurderer forslaget om lokaliseringa av ny kyrkjegard som godt eigna, og forslaget er dessutan i samsvar med ønskja til soknerådet som er og representerer brukarane av kyrkja. Det er i tillegg viktig å ha fokus på at kyrkjegarden skal brukast i og tilpassast dagens samfunn.

Plasseringa av den nye kyrkjegarden vil kunna skjemma kulturminnet dersom utforminga av kyrkjegarden ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til kulturminnet. Ein vurderer Ulneskyrkja til å vera såpass sentralt plassert i terrenget at det ved å ta tilstrekkeleg omsyn til kulturminnet ved både den endeleg avgrensinga og utforminga av kyrkjegarden i reguleringsplanen ikkje vil vera noko problem.

Reguleringsplanen må utformast i tett dialog med Riksantikvaren slik at kyrkjegarden vert utforma på ein måte som tek best muleg omsyn til den automatisk freda kyrkjestaden og verknadane denne visuelt sett har i bygda.

Området/skråninga nedanfor eksisterande kvitmåla gjerde skal vera ein del av kyrkjegarden, men utan gravfelt.

**Konklusjon:** Det er behov for å utvida kyrkjegarden i Ulnes. Området er i konflikt med jordvernet. Tiltaket kan ha innverknad på kulturminne og –miljø og -landskap, og det må takast tilstrekkeleg omsyn til dette ved utforming av reguleringsplan for utvidinga. Utover

dette overvegande positive konsekvensar. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med biologisk mangfald.

### **SAMLA VERKNADAR – GRAV- OG URNELUNDER**

Ingen av områda ligg i område med potensiell rasfare på [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no).

Områda vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med biologisk mangfald.

Ingen av dei nye områda kjem i direkte konflikt med registrerte kulturminne, men tiltaka kan likevel ha innverknad på kulturminne, –miljø og -landskap, og det må takast tilstrekkeleg omsyn til dette ved utforming av reguleringsplan for utvidinga. Utover dette overvegande positive konsekvensar.

Konsekvensvurderinga viser at forslaga om område for grav- og urnelunder vil føra til tap av dyrka mark, men dette vil bli kompensert ved at 11 daa som er frigitt til utbyggingsføre mål tidlegare vert tilbakeført til LNF-føre mål.

## 9. KOMBINERT OMRÅDE

<b>Kombinert område for samferdselsanlegg og/eller teknisk infrastruktur og Uteoppholdsareal (K1/K2)</b>	<b>Aust for Shell</b>	<b>Strøndafjorden</b>
<b>Høgde over havet:</b> 446 - 450 moh.	<b>Areal:</b> 22 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> I utkanten av ei alt eksisterande steinfylling		
<b>Avstand vassdrag:</b> Utfylling i vasskanten.		
<b>Gjeldande planføremål:</b> Delar av arealet er vist som småbåthamn i gjeldande kommuneplan.		



### Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	Under perioden området fungerer som steindeponi, lite heldige landskapsverknadar, men på sikt vil området kunna framstå som ei grøn perle.
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Gangveg mellom Fagernes og Leira som vil bli berørt anleggsperioden/i perioden området fungerer som steindeponi
Innverknad på vassdrag	0	Utfylling i Strøndafjorden i eit område der det alt er steinfyllingar.
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	-1	Ligg i gul og raud sone på støyvarselkartet, skal ikkje førast opp bygningar for varig opphald i området.
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aktsomheitskart for steinsprang eller snøskred, og det er ingen tidlegare registrerte skredhendingar i området. Ein liten del av K2 i nordvest

		(minimal del) kan vera jord- og flaumskredutsett. Brannforsyning og elforsyning ok, under 1 km til legevakt. Flaumfare.
--	--	---

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Reservert med tanke på mulege løysingar i tilknytning til ny E16-trase. Aktuelt område for steindeponi. Eksisterande gangveg mellom dagens E16-trase og aktuelt område. Vil på sikt kunna opparbeidast og etablerast som ein positiv port til Fagernes, og som eit viktig park-/friluftsområde.

**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar for Fagernes. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne og kulturlandskap. Medfører ytterlegare utfylling i vassdrag.

## 10. LNF, SPREIDD UTBYGGING AV NAUST

<b>Sn1</b>	<b>Spreidd naustutbygging</b>	<b>Hegge, Lo</b>	<b>Gnr/Bnr: 79/1</b>
<b>Høgde over havet:</b> 355-360 moh.		<b>Areal:</b> 2 daa	
<b>Arealtilstand i dag:</b> Uproduktiv skog			
<b>Avstand vassdrag:</b> 0			
<b>Gjeldande planføremål:</b> LNF			

### Verdisetting av området basert på kjent kunnskap:

	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar/Biologisk mangfald	X			
Grønstruktur og friluftsliv	X			
Kulturminne, -miljø og - landskap	X			
Landbruk	X			



### Kjent kunnskap med vurdering av konsekvensar ved endra arealbruk, og forslag til tiltak:

Tema	Vurdering	Kunnskap/konsekvens
<b>MILJØ:</b>		
By- og landskapsbilde, estetikk	0	
Naturverdiar og biologisk mangfald	0	Ingen registreringar i naturbasen til DN.
Kulturminne og –miljø	0	Ingen kjente freda kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygningar.
Friluftsliv og grønstruktur i nærmiljø	0	Tett skog i området per d.d. Vanskeleg å ta seg ned til vatnet.
Innverknad på vassdrag	0	Etablering av eit naust vil gjera det enklare å ta seg ned til vatnet.
Natur- og miljøforhold, klima	0	
Landbruk og jordvern	0	
<b>SAMFUNN:</b>		
Støy, støv og anna forureining	0	
Samfunnstryggleik, risiko og beredskap	0	Området ligg ikkje i område med alunskifer. Området inngår verken på aktsomheitskart for steinsprang, snøskred eller jord- og flaumskred, og det er ingen registrerte

		skredhendingar i området. Brannforsyning og elforsyning ok, 8-10 km til legevakt. Flaumfare.
Tilkomstløysing	0	Frå eksisterande fv261.

**Samla vurdering med andre/utfyllande kommentarar/opplysningar:** Administrasjonen meiner det er viktig å leggja til rette for at grunneigarar kan bruka fiskeretten sin betre, og for at fiskereidenskap skal kunna oppbevarast på ein trygg og enkel måte.

Det er presisert i planføresegnene at dette dreier seg om eit naust som berre skal kunna brukast til å lagra fiskereidenskap og ein båt i.

**Konklusjon:** Overvegande positive konsekvensar. Området vert vurdert til ikkje å vera i konflikt med jordvern, kulturminne, kulturlandskap og biologisk mangfald.

## SAMLA RISIKOVURDERING AV FORSLAG TIL NY AREALBRUK

Analysen er gjennomført med sjekklister basert på rundskriv fra DSB. Metoden omfatter 1) vurdering av sannsynlighet for uønska hending og 2) vurdering av konsekvensar av uønska hending. Samla risikovurdering kan gjerast ved å kombinera sannsynlighet og konsekvens som vist i tabell under. Utifrå dette kan ein vurderer kva tiltak som er nødvendig.

### *Vurdering av sannsynlegheit for uønska hending*

Vurdering av sannsynlegheit for uønska hending er delt i:

- 1) Lite sannsynleg – hendinga er ikkje kjent frå tilsvarande situasjonar/forhold, men det er ein teoretisk sjanse
- 2) Mindre sannsynleg – kan skje (ikkje usannsynleg)
- 3) Sannsynleg – kan skje av og til; periodisk hending
- 4) Svært sannsynleg – kan skje regelmessig; forholdet er kontinuerleg tilstades

For skred gjeld det at sannsynlegheita for skred i planområdet avheng av sannsynlegheita for at det lausnar eit skred, utløpslengda samt den romlege utbreiinga av skredet.

### *Vurdering av konsekvensar av uønska hendingar*

Vurdering av konsekvensar av uønska hendingar er delt i:

- 1) Uvesentleg: Ingen person- eller miljøskadar; systembrot er uvesentleg
- 2) Mindre alvorleg: Få/små person- eller miljøskadar; systembrot kan føra til skade dersom reservesystem ikkje finst
- 3) Alvorleg: Alvorleg (behandlingskrevjande) person- eller miljøskadar; system blir sett ut av drift over lengre tid
- 4) Svært alvorleg: Personskade som medfører død eller varig mén; mange skadd; langvarige miljøskadar; system blir sett varig ut av drift

Når det gjeld skred så vil konsekvensen av ei hending avhengja av intensiteten til skredet og den romlege utbreiinga.

### *Samla risikovurdering*

Samla risikovurdering og ei vurdering av tiltak som må iverksettast vert gjort utifrå fargane i under på følgjande måte:

- Hendingar i røde felt: Tiltak nødvendig.
- Hendingar i gule felt: Tiltak blir vurdert utifrå kostnad/nytte.
- Hendingar i grønne felt: "Billige" tiltak skal gjennomførast.
- Tiltak som reduserer sannsynlegheita skal vurderast først. Dersom dette ikkje gir effekt eller er muleg, skal tiltak som avgrensar konsekvensane vurderast.

Konsekvens: Sannsynlighet:	1: Ubetydelig	2: Mindre alvorlig	3: Alvorlig	4: Svært alvorlig
4: Svært sannsynlig				
3: Sannsynlig				
2: Mindre sannsynlig				
1: Lite sannsynlig				

### Samla risikovurdering

Sann = sannsynlegheit, Kon = konsekvens, Ris = risiko

Hending/ Situasjon	Sann	Kon	Ris	Kommentar
<b>Natur- og miljøforhold</b>				Gjeldande lovverk må følgjast.
1. Rasfare (snø, is, stein, leire, jord, fjell)	4	3		Alle nye bygg og tiltak skal planleggast rassikkert, jf. TEK 10 og NVE si retningsline 2/2011. Fleire av utbyggingsområda i kommunen er omkransa av til dels bratte dalsider. Skredkart frå NGU viser at mange eksisterande bustadområde kan vera utsett for ras-/skredfare. Det er berre B2 og B8 av dei nye bustadområda som ligg i område med potensiell rasfare, ingen av dei nye hytteområda. Ervervsområda E4-E6 ligg saman med område I2 og I4 (mindre del) for idrettsanlegg i område som kan vera rasutsett. Ein minimal del av K2 kan vera rasutsett. Rasfare skal vurderast ved vidare planlegging og alle tiltak i heile planområdet. Det kan ligga område med mindre skrentar på under 50 meter som ikkje blir fanga opp av www.skrednett.no i ein del byggeområde, dette må vurderast ytterlegare ved vidare planlegging. Nye bustader må leggast utanfor dokumenterte faresoner for ras, alternativt må det etablerast tilstrekkeleg sikringstiltak. Det bør vurderast sikringstiltak for alt etablerte bustadområde innanfor dokumenterte faresoner.
2. Flaumfare	4	3		Alle nye bygg og tiltak skal planleggast flaumsikkert, jf. TEK 10 og NVE si retningsline 2/2011. Det pågår flaumsonekartlegging for Fagernes, kartlegginga vil syna kva areal som kan ventast å bli påverka av ev. flaum. I samband med utarbeidinga av reguleringsplan for Breiset vest er det gjennomført flaumsonekartlegging av delar av Neselvé. Følgjande nye byggeområde ligg i område som kan vera flaumutsett: Ft2, I1, An1, An2, K1, K2 og Sn1. Flaumfare skal vurderast ved vidare planlegging og alle tiltak i planområdet. Utover dette kan det ligga mindre vassdrag/bekkar i/inntil ein del byggeområde som ved store nedbørsmengder kan utgjera ein potensiell fare ved at bekken endrar løp, blir unormal stor, det kan oppstå skred osb. Dette gjeld m.a. i byggeområde B1 for bustadar der Bøaelvé på det smalaste ligg kring 25 m frå byggeområdet, i B8 ligg det bekk innan avgrensinga av byggeområdet og i B10 i avgrensinga av byggeområdet. I fleire av dei nye byggeområda for fritidsbustadar ligg det mindre vassdrag/bekkar innan avgrensinga av byggeområdet, m.a. renn Vesleåne gjennom byggeområde H4 for

				fritidsbustadar, elles har du tilsvarende situasjon i m.a.H5 og H8-H11 m.fl. Det går fram av planføresegnene at før det blir sett i gang ev. bygging/tiltak i ei sone på 30 meter langs eit kvart vassdrag, skal det vurderast om området kan vera utsett for flaum. Bygningar, anlegg, installasjonar og annan kritisk infrastruktur som kan ta skade av flaum/høg vasstand må førast opp i konstruksjon som hindrar innsig av vatn. Tekniske installasjonar i slike område må monterast slik at dei ikkje tek skade av høg vasstand/flaum. Dersom ein ved reguleringsplanprosessen finn at det er reell flaumfare for bygningar, anlegg, ulike installasjonar og annan kritisk infrastruktur i eit byggeområde nær mindre vassdrag/bekkar gjeld det same for dei.
3. Erosjon	4	3		Må vurderast ved planlegging og alle tiltak i tilknytning til vassdrag, større elvar og bekkar og spesielt i områda som er vist på temakart for flaumsone. Det går fram av planføresegnene at før det blir sett i gang ev. bygging/tiltak i ei sone på 30 meter langs eit kvart vassdrag, skal det vurderast om området kan vera utsett for erosjon.
4. Radongass-stråling	3	2		Det er ikkje utført grundige undersøkingar av ev. radonførekomst i planområdet, men tilgjengeleg kart viser at nokre nye bustad- og hytteområde ligg i alunskiferområde med stor sannsynlegheit for radongasstråling.
<b>Natur- og kulturomr.</b>				
5. Eksister. stiar og skiløyper i området	2	2		Det ligg både mange stiar og skiløyper i planområdet, og desse skal det takast omsyn til ved all planlegging og alle tiltak. Nye byggeområde skal leggja til rette for bruk av tilgrensande stiar og skiløyper.
6. Viktige floraintresser	2	2		Det ligg fleire prioriterte naturtypar innanfor planområdet. Nye byggeområde kjem i mindre grad i konflikt med desse, der det er konflikt skal det takast omsyn til naturtypene ved planlegging og tiltak.
7. Viktige viltinteresser	2	2		Det er registrert viltinteresser innanfor eller i tilgrensande område til fleire nye byggeområde. Potensiell konflikt m vurderast nærare ved vidare planlegging og tiltak, det er eit spørsmål om alle registreringane framleis er gjeldande.
8. Kjente kulturminne	2	2		Det er registrert kultur-/fornminne over størstedelen av planområdet. Innanfor dei gitte arealformåla må desse takast omsyn til.
9. Verneområde	2	2		Føremåla i planen kjem ikkje i direkte konflikt med registrerte verneområde.
10. Kulturlandskap	2	2		Kommunen har fleire viktige kulturlandskapsområde, og Stølsvidda er peika ut som eit av 13 nasjonalt

				viktige kulturlandskapsområde i Oppland. Området er vist som omsynssone på plankartet og det er gitt egne retningslinjer for tiltak i området.
11. Friluftsområde	2	2		Det er to statleg sikra friluftsområde i kommunen. Eit ved Leirasanden og eit ved Fagernes camping. Begge plassar står vatn, bading og strandbaserte aktivitetar sentralt.
<b>Andre forhold</b>				
12. Veg, bru, knutepunkt	4	2		Kan risikera brot på transportnettet som følgje av ulukke, overbelastning, flaum, ras, eller uvêr. Eksisterande kommunikasjonssystem vert ivareteke i ny plan, og planen viser behov for nytt. Utover dette er det påpeika at det pågår arbeid med ny E16-trasé og areal- og transportplan for Fagernes/Leira. I dei fleste bygdene er det omkøyringsmulegheiter dersom hovudfartsåra skulle bli øydelagt, men til m.a. fleire av både dei eksisterande og nye hytteområda samt til nokre sidedalar manglar dette, og dersom vegtilkomsten blir stengt over ein lenger periode inntil eit slikt område p.g.a. naturgitte forhold, så kan dette i verst tenkeleg scenario kunna få alvorlege konsekvensar.
13. Vassforsyning	3	2		Ved brot på vassforsyningsleidning må det vera fleire alternative tilkoplingsmulegheiter. Det er kommunale anlegg i tilknytning til dei fleste nye bustadområde, og fleire av dei nye hytteområda.
14. Avløp	3	2		Overbelastning ved nedbør og/eller teknisk svikt kan føra til kloakk i kjellar - bygningskadar, helseskadar. Det er kommunale anlegg i tilknytning til dei fleste nye bustadområde, og fleire av dei nye hytteområda.
15. Brannvatn	2	2		Må vera tilfredsstillande avstand til dette frå alle nye byggeområde, (jf. punkt 24 - brannfare).
16. Elforsyning	3	2		Teknisk svikt, uvêr, linjebrot, brann/havari i trafo kan føra til langvarig svikt i straumforsyninga.
<b>Forureiningskjelder</b>				Gjeldande lovverk må følgjast.
17. Industri	3	2		Kommunen har variert industri. Kommuneplanen legg til rette for 5 nye næringsområde, samtidig som det er mykje godkjent næringsareal på Kalplassen. Kommuneplanen opnar ikkje for etablering av tungindustri i dei 5 nye næringsområda. I tillegg legg kommuneplanen til rette for 8 nye massetak der 6 av dei er eksisterande. Utover dette er det fleire andre alt godkjente massetak i kommunen.
18. Landbruk	3	2		Mesteparten av arealet i kommunen er lagt ut til LNF-område der landbruksområda kan generera og medføra utslepp til vassdrag/innsjø.
19. Støv/støy frå trafikk	3	2		E16, fv 33 og 51 er hovudfartsårer gjennom kommunen og medfører støv- og støyforureining i

				planområdet. Vegtrafikkstøy kan resultera i søvnforstyrningar, hovudpine og trøytteik. Forureiningsforskrifta set ei grense på maksimalt innandørs støynivå i gjennomsnitt over døgeret til 42 dBA.
20. Støv/støy frå industri	3	2		Støy og støvforureining frå massetak ved drift, mest på dagtid. Avhengig av kva type industri som vert etablert i næringsområda vil ein kunna få noko støy og støv, mest på dagtid.
21. Støv/støy frå andre ting	3	2		Flytrafikk til/frå Fagernes lufthamn genererer dagleg støy i kortare periodar.
22. Forureining i vatn	3	2		Som følge av ulukker ved transport av farleg gods, større utslepp frå landbruk, industri- eller anleggsarbeid.
23. Forureining i grunn	3	2		Gamle søppeldeponi både offentlege og ukjente private.
<b>Andre risikoforhold</b>				
24. Brann- og eksplosjonsfare	3	3		Størst potensiell fare i tettbygde område av kommunen. Stor konsekvens i tilknytning til viktige og sentrale funksjonar: Valdres lokalmedisinske senter, barneskule, vidaregåande skule osv. Det er krav om vegtilkomst til alle nye byggeområde, og tilgjenget for uttrykkingskøyretøy skal vera tilfredsstillande. Innsatstid og avstand varierer med kor dei nye byggeområda ligg i kommunen, og er jamt over lengst for hytteområda. Utifrå føresetnadane er innsatstid vurdert til å vera tilfredsstillande.
25. Ulukke farleg gods	3	2		Potensielt muleg med 3 gjennomgåande hovudvegar i kommunen E16, fv 33 og 51. Kan få store konsekvensar om det skjer i eller nær tettbygd strøk. Sannsynet for at ei ulukke med farleg gods skal inntreffa medan den passerer gjennom område med tett busetting og stor aktivitet vert vurdert til å vera liten.
26. Høgspenning i området	3	2		Elektromagnetisk stråling. Statens strålevern oppmodar til ei føre-var handling, og tilrår kommunen å sørge for at strålingsfaren vert utgreidd ved tiltak og planarbeid nær kraftleidningar. Det må takast omsyn til høgspenning i planområdet, og praktisering av føre-var prinsippet skal ligga til grunn for vidare planlegging og alle nye tiltak i planområdet.
27. Avfallsbehandling	3	2		Avfall skal leverast på godkjent avfallsplass. Miljøstasjon for levering av avfall på Bjødnaflata, Aurdal, i kommunen. Røn og Rebneskogen nærast i nabokommunane.
28. Vêr- og	2	2		Lågt skydekke, skodde og sterke vindar kan forhindra

føreavgrensing				flytrafikk til/frå Fagernes Lufthamn.
29. Ulukker ved av-/påkøyringar	2	3		
30. Ulukke med gåande/syklande	2	3		

### **Rasfare (jf. temakart snøskred, temakart steinsprang, temakart jord- og flaumskred)**

Temakartet med faresoner for ras er eit nyttig verktøy for å vurdera risikoen for noverande og framtidige utbyggingsområde.

Det har gått fleire ras i kommunen tidlegare, og ein vurderer det som **svært sannsynleg** at det vil skje igjen.

Føresegnene set krav til at i forkant av all utbygging innanfor faresoner for ras så skal det vera gjennomført rasvurdering. Planføresegnene om risiko og sårbarheit set saman med ROS-analysen føringar for tiltak og bygging i planområdet.

Planområdet kan vera utsett for fleire ulike typar ras, samstundes er muleg rasfare vurdert for heile planområde gjennom [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no) og dokumentert i enkelte område. Konsekvensen av ras innanfor planområdet vert vurdert til å vere **mindre alvorleg til alvorleg** med føresetnad om at rasfaren vert teke omsyn til ved alle tiltak og nybygging.

Konsekvensvurderinga viser at følgjande nye byggeområde ligg i området med potensiell rasfare, jf. [www.skrednett.no](http://www.skrednett.no):

B2 (Lundsmyré, Aurdal): Det er gjort ei rasvurdering der det er konkludert med at det ikkje er snøskredfare. Det er sagt at det må gjerast ytterlegare undersøkingar m.o.t. til steinsprang og at stabiliteten i nokre små fjellparti må vurderast. Heile B2 ligg i område med potensiell jord- og flaumskredfare.

B3 (Høgdingsvegen, Aurdal) vart teke ut av planforslaget etter 2. off. ettersyn med bakgrunn i skredvurderinga etter raset i Aurdal 22.05.13.

B8 (Tveit, Fagernes) (utviding av tidlegare godkjente byggeområde b5): Meir eller mindre heile B8 og b5 ligg innanfor utløpsområdet til snøskred. Delar av området ligg i område med potensiell jord- og flaumskredfare.

E4 (Breiset, Fagernes): Den vestre halvdel av området inngår på aktsomheitskartet for steinsprang, utløpsområde. Nesten heile eigedomen inngår i utløpsområdet for snøskred. Den nordlegaste og sørlegaste delen inngår på aktsomheitskartet for jord- og flaumskredfare.

E5 (Gausåk, Lo): Heile eller delar av alle 4 områda ligg innanfor utløpsområdet til snøskred. Dei 3 vestlegaste områda ligg delvis i område med jord- og flaumskredfare.

E6 (Breiset, Fagernes): Over halvdel av området inngår på aktsomheitskartet for steinsprang, utløpsområde. Heile eigedomen inngår i utløpsområdet for snøskred. Nesten heile

området er vist som område med potensiell jord- og flaumskredfare. Skredvurderingar er gjort for området i samband med utarbeiding av reguleringsplan for Breiset vest.

I2 (Blåbærmyre, Fagernes): Den nordaustre halvdel av området inngår på aktsomheitskartet for snøskred, utløpsområde

Ein mindre del av I4 (Bråten, Aurdal) og K2 (aust for Shell, Fagernes) ligg i område med potensiell jord- og flaumskredfare.

### **Flaumfare (jf. temakart flaum)**

Flaumsonkartlegginga som vert utført av NVE for Fagernes vil avdekka kva område det er størst sannsyn for at det kan bli flaum i Fagernes sentrum. I tillegg vil kartlegginga visa kva område som kan vera flaumutsett. Klimaendringar vil kunna bidra til at storleik, tidspunkt og hyppigheit i flaumutsette område i framtida kan avvika frå noverande mønster. Bekkar og elver lokalt kan også flauma over eller endra dei naturlege løpa dei har.

Det er flaum av større eller mindre grad årleg, og det er **svært sannsynleg** at det vil koma både lokale flaumar og flaum i hovudvassdraga igjen.

Planføresegner om risiko og sårbarheit set saman med ROS-analysen føringar for tiltak og bygging i planområdet.

Med grunnlag i ovannemnde registreringar og kartleggingar vert konsekvensen av flaum innanfor planområdet vurdert som **mindre alvorleg til alvorleg**.

Konsekvensvurderinga viser at følgjande nye byggeområde ligg i område som kan vera flaumutsett:

Ft2 (Aurdal fjordcamping)

I1 (Pøllaøye, Aurdal)

An1 (Tisleifjorden, Ulnes sameige)

An2 (Fullsenn, Skrautvål sameige)

K1/K2 (E16 aust for Shell, Fagernes)

Sn1 (Hegge, Lo)

### **Oppsummering av ROS-analyse**

Ras-, flaum- og erosjonsfare utgjer dei potensielt største risikomomenta for nye byggeområde i kommunen. Kommuneplanen har få nye byggeområde med potensiell rasfare. Det er eit klart vilkår at det må iverksettast tilstrekkeleg sikringstiltak i områda dersom det blir dokumentert reell rasfare i nokre av områda med potensiell rasfare. Ev. nødvendige tiltak i høve til flaum- og erosjonsfare både frå større og mindre vassdrag skal vurderast ved reguleringsplanprosessen, og risikoreduserande tiltak skal vurderast og iverksettast ved behov.

Brannfare er også vurdert til å vera eit potensielt stort risikomoment for nye byggeområde. Innsatstid og avstand varierer med kor dei nye byggeområda ligg i kommunen, og er jamt

11.09.2014

over lengst for hytteområda. Utifrå føresetnadane er innsatstid vurdert til å vera tilfredsstillande.

Konsekvensen av øvrige risikofaktorar innanfor planområdet vert vurdert til å vere **mindre alvorleg** under føresetnad av at det vert teke omsyn til dei, og at gjeldande lovverk blir tilfredsstillande følgt opp.

ROS-analysa viser at sannsynet for at øvrige risikofaktorar innanfor planområdet vil utgjera ein risiko er **mindre sannsynleg til sannsynleg** under føresetnad av at det vert teke omsyn til dei, og at gjeldande lovverk blir tilfredsstillande følgt opp.